



Høgskolen i Telemark

Rapport og planar (2013-2014)

Høgskolen i Telemark

**Fastsett av styret
13. mars 2014**

1 Innleiing

1.1 Rapportering om arbeidet i styret

Styret er Høgskolen i Telemark (HiT) sitt øvste organ. Det har 11 medlemmer. HiT fekk nytt styre frå og med 01.08.11, samansett av fem interne, fire eksterne og to studentar. HiT har ekstern styreleiar. Rektor er sekretær for styret.

Strategisk utvikling har stått sentralt i styrets arbeid i 2013, og høgskolen har ein strategisk bevisstheit som har gitt ein god utvikling innan viktige strategiske satsingsområder. Eit svært sentralt tema i 2013 har vore utgreiingsprosessen mellom HiT og Universitetet i Agder (UiA) om eventuell fusjon eller utvida samarbeid, med eigne saker om dette i styremøta i juni og september. Prosessen har òg vore eit fast emne under informasjonsutvekslinga på alle styremøta i 2013. Det har òg blitt gjennomført eit felles styreseminar mellom HiT og UiA på Stabbestad 12.-13. juni 2013, der dette var hovudtema.

I tillegg til prosjektet med UiA, har styret spissa HiTs strategiar og fylgt opp føringane frå dialogmøtet med KD. Styringsseminara har gitt nyttige strategiske innspel. Styret ser det som svært viktig å sjå samanhengen mellom forskning og utdanning.

Styret har hatt to styreseminar i tillegg til dei ordinære styremøta i 2013, utanom det felles styreseminaret mellom HiT og UiA på Stabbestad 12-13. juni. Seminara blei gjennomførde på Rauland 7.-8. mars og i Oslo 19.-20. september. Hovudtema på seminaret på Rauland var status og moglegheiter for betre samspel mellom Helse Sør-Øst og HiT, HiTs engasjement i industri-inkubatoren på Herøya, og status for HiTs tre ph.d-program. Hovudtema på seminaret i Oslo var m.a. institusjonslandskapet fem år etter Stjernøutvalets innstilling og Forskningsrådets policy for FoU ved høgskolane.

Sentrale saker har elles vore:

- Tilsetjing i ei av høgskolens leiarstillingar, dekan ved Fakultet for allmennvitenskaplege fag.
- Endringar i delegeringsreglementet frå styret til rektor.
- Open access-policy for høgskolen.
- Forskingsmelding for høgskolen.
- Ny forskrift for ph.d.-graden ved høgskolen.
- Nytt felles reglement for høgskolens ph.d.-utval.
- Intern evaluering av kulturstudia ved HiT.
- Søknader om nye masterstudium i utdanningsvitenskap, og økonomi og administrasjon.
- Språkpolitisk plattform for høgskolen.

I tillegg kjem årlege sentrale saker som fastsetjing av årsplan for 2013, årsrekneskap for 2012, revidert budsjett for 2013, budsjettfordeling for 2014, langtidsbudsjett for perioden 2015-2019, eit samla oversyn over personalsituasjonen ved høgskolen, rekruttering av studentar til høgskolen, fastsetjing av studieporteføljen for studieåret 2014-2015, og resultatkrav og opptaksmåltal for 2014.

Styret har lagt vekt på å forvalte og disponere personalressursane og dei økonomiske ressursane effektivt og målretta slik at både KDs årlege resultatkrav blir nådde og at langsiktige strategiar og utviklingslinjer blir følgde.

Styret er godt nøgd med at HiT i 2013 ikkje har mottatt vesentlege kritiske merknader frå Riksrevisjonen, men er kjent med og stør leiinga sitt vidare arbeid for at høgskolen fullt ut skal etterleve regelverk for BOA, for offentlege innkjøp, og for tidsregistrering og dokumentasjon ved utbetaling av overtidsgodtgjersle.

Kort oppsummert meiner styret at HiTs strategiar og faglege utvikling er i samsvar med dei måla som er fastsette av KD og Stortinget. Styret er òg godt nøgd med det interne samarbeidsklimaet i styret som kollegium og med resultatata av eige arbeid.

1.2 Styrets vurdering av HiTs muligheter og utfordringer med grunnlag i høgskolens mål og resultat

HiT er ein statleg høgskole som er underlagt Universitets- og høgskolelova. Verksemdas formål er:

- å tilby høgare utdanning på høgt internasjonalt nivå, med særleg vekt på profesjonsfaga
- å utføre forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå
- å formidle kunnskap om verksemda og skape forståing for bruk av vitenskaplege og kunstnarlege metodar og resultat, både i offentleg forvaltning, kulturliv og næringsliv.

Høgskolens strategiske prioriteringar kjem fram i strategisk plan for perioden 2010-2014. Planen blir rullert årleg, seinast i S-sak 21/14 på styremøte 13.03.14. Basert på gjeldande strategiske plan har styret i S-sak 47/12 fastsett eit meir konsentrert og spissa strategidokument. Dei strategiske vurderingane under dette punktet er knytte opp til hovudpunkta i det dokumentet. Høgskolen vil ta sikte på å utarbeide ein ny strategisk plan hausten 2014, men dette vil avhenge av den vidare fusjonsprosessen med UiA. Styra ved dei to institusjonane skal i juni 2014 gjere vedtak om eventuell fusjon eller utvida samarbeid, og vedtaka her vil leggje sterke føringar på høgskolens strategiske muligheter og utfordringer framover.

Det økonomiske resultatet for 2013 var tilfredsstillande. Styret meiner at økonomistyringa i høgskolen er god, og langtidsbudsjettet medverkar til ei stabil langsiktig prioritering av ressursar. HiT har ein stram budsjettssituasjon i 2014, og det er venta å vare ved framover, jf. S-sak 105/13 *Langtidsbudsjett for perioden 2015-2019*. Dette er ei utfordring med tanke på å kunne utvikle høgskolen vidare i langtidsperioden. Strategiske satsingsområde som t.d. utvikling av universitetsfunksjonar og ut- og ombyggingar for å skaffe betre lokale til studentar og tilsette bind i stor grad opp den totale økonomiske ramma høgskolen har disponibel. Det blir arbeidd aktivt med å få auka ekstern finansiering i planperioden. Ei av dei største utfordringane blir å sikre finansiering av nok stipendiatar i høgskolens tre doktorgradsprogram.

Høgskolen har sett i gang ei større satsing på e-læring. Dette gjeld utvikling både på campus og på nett. Her ligg det potensial som høgskolen ønskjer å utnytte.

Universitet

”Høgskolen i Telemark (HiT) skal vidareutvikle universitetsfunksjonane og oppnå universitetsstatus. Strategien for å få dette til kjem til uttrykk i det treårige samarbeidsprosjektet med Universitetet i Agder (UiA).”

Hovudstrategien fram mot 2015 er å vidareutvikle universitetsfunksjonane gjennom:

1. prioritering og styrking av forskingsklynger og forskarutdanningar
2. aktiv leiarutvikling
3. det treårige samarbeidet med Universitetet i Agder
4. styrkt samhandling med nærings- og samfunnsliv.

Prosessen mellom HiT og UiA om eventuell fusjon eller utvida samarbeid gjekk vidare i 2013. Styret vedtok i styremøte 13. juni 2013, S-sak 43/13, m.a.:

«Styret ber prosjektstyret bruke siste året av prosjektperioden til en grundig utredning i tråd med de føringar som er gitt i Prosjektstyrets delrapport med vekt på to hovedalternativ:

a) Utrede hvordan et institusjonelt faglig og administrativt samarbeid mellom UiA og HiT kan utvikles.

b) Utrede fusjon mellom UiA og HiT.»

Styret vedtok vidare i styremøte 20. september 2013, jf. S-sak 58/13, m.a. :

«Styret for Høgskolen i Telemark viser til S-sak 43/12 og har merket seg prosjektstyrets eksempler på mulighetsområder, og vedtar på denne bakgrunn at

- teknologi og ingeniørutdanning,
- helse, omsorg og samhandling,
- kunst- og kulturfag og
- bærekraft, miljø og klima

pekes ut som områder hvor en særskilt utreder muligheter for felles strategisk satsing for UiA og HiT Styret gir rektor fullmakt til, sammen med UiAs rektor, å fastsette mandat og organisering av utredningsarbeidet for disse mulighetsområdene.»

Basert på vedtaket i september er det sett ned fire felles grupper som greier ut faglege moglegheiter. Det er også sett ned ei utgreiingsgruppe med slikt mandat:

1. *Kort drøfte internasjonale og nasjonale utviklingstrekk i uh-sektoren, med utgangspunkt i omtale av dette i tidligere rapporter*
2. *Se spesielt på de utfordringer og muligheter som ligger i den digitale utviklingen som uh-sektoren vil måtte forholde seg til*
3. *Beskrive og drøfte HiT og UiA sine respektive posisjoner og utviklingsrom i det nasjonale institusjonslandskapet*
4. *På et overordnet nivå beskrive, drøfte og tilrå hvordan en fusjon mellom HiT og UiA fysisk, faglig og administrativt best kan organiseres, styres, ledes og utvikles*
5. *Beskrive og drøfte hvordan et nærmere institusjonalisert samarbeid mellom HiT og UiA kan organiseres og utvikles*
6. *Beskrive og drøfte begrunnelser for, og ulemper knyttet til, fusjon eller institusjonalisert samarbeid mellom HiT og UiA.»*

I tillegg til utgreiingane har det blitt sett i gang om lag 60 faglege og administrative samarbeidsprosjekt.

Alle dei fem utgreiingane skal vere ferdige i februar 2014, og vil danne grunnlag for eit felles høyringsdokument. Høyring og informasjonsmøte vil bli gjennomførde i april/mai, og endelege styrevedtak vil bli fatta i juni 2014.

Styret vil, samstundes med UiA-prosessen, ha fokus på å utvikle høgskolens universitetsfunksjonar vidare. Høgskolen har fått på plass 3 doktorgradsstudium og 11 mastergradsstudium. Det er i tillegg søkt om akkreditering av eit nytt mastergradsstudium i økonomi og administrasjon, og eit i utdanningsvitenskap. Dette er store fagområde med mange studentar i høgskolen. Det vert arbeidd aktivt med å få eit tilstrekkeleg tal stipendiatar inn i dei to siste doktorgradsstudia, kulturstudiar og økologi. Styret vil gje dette arbeidet høg prioritet i planperioden.

Når det gjeld utvikling av universitetsfunksjonar, vil styret nemne følgjande positive moment:

- Det er ei god utvikling i talet på stipendiatar i dei tre doktorgradsprogramma.
- Forskingsproduksjonen er aukande. HiT hadde i 2012 ein vesentleg auke målt i publikasjonspoeng, og har hatt ein ytterlegare auke i 2013.
- Prosentdelen første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar gjekk noko opp i 2013, og det er sett i verk ein tiltaksplan for å auke ytterlegare framover.

Kvalitet og kompetanse

”HiT skal styrkje primærverksemda og oppnå universitetskvalitet m.a. ved å arbeide ut og gjennomføre ein handlingsplan for å vidareutvikle kompetansen i høgskolen. Det skal leggjast særleg vekt på å auke prosentdelen i vitskaplege første- og toppstillingar.”

Det har vore ein auke i prosentdelen første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar i perioden 2009 til 2013, men auken har ikkje vore så stor som ønskeleg. 43 % av årsverka i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar er nå utførde av tilsette med første- eller toppkompetanse. Målet på 50 % for 2014 er ikkje lenger realistisk, og ambisjonsnivået for 2014 er såleis justert ned.

Ei utfordring er å få nok kompetente søkjarar. På enkelte fagområde er det få i Noreg som har første- og toppstillingskompetanse. Samstundes er løn ein sentral faktor, m.a. er det innan teknologiske fag ei utfordring å kunne konkurrere med lønsvilkåra i næringslivet.

Ei anna utfordring er å auke kompetansenivået hjå dei vitskapleg tilsette som ikkje har første- og toppstillingskompetanse. Spesielt innanfor helse- og sosialutdanningane og lærarutdanningane gjeld det ein stor del av dei tilsette.

Høgskolen har vedtatt ein handlingsplan med konkrete tiltak knytt til rekruttering og intern kompetanseheving. Dette vil truleg gje resultat dei neste åra. Utfordringa er særleg innanfor profesjonsfaga på helse- og sosialfagområdet og innan lærarutdanningane. Høgskolen har sett i verk eit eige program for tilsette innanfor profesjonsfaga som er i kvalifiseringsløp for å skaffa seg førstestillingskompetanse. Talet på tilsette som har fått opprykk til første- eller toppnivå, syner ein vesentleg auke i 2013. Det er grunn til å vente at denne tendensen vil halde fram i 2014. Ved utlysingar av stillingar i 2014 vil ein i regelen søkje etter personar med første- eller toppkompetanse.

Utdanning

”I denne planperioden skal konsolidering, kvalitetsutvikling og nødvendig omstilling av studieprogram og læringsmiljø, m.a. gjennom styrkt samarbeid internt og eksternt, ha prioritet framfor utviding av fagtilboda.

Det skal såleis ikkje setjast i gong bachelorgradsstudium på nye fagområde. Eksisterande profesjonsutdanningar skal styrkjast kvalitetsmessig.

Nye mastergradsprogram skal vurderast nøye ut frå økonomisk og rekrutteringsmessig berekraft, og om mogleg realiserast i samarbeid med UiA eller andre institusjonar.

Moglege nye doktorgradsprogram skal berre kunne realiserast gjennom eit samarbeid med UiA.

HiTs utdanningsprofil skal framleis vere breispektra og kvile på to berebjelkar:

- *høgskolens tre doktorgradsprogram og studieprogram som står opp under desse, og*
- *dei yrkesretta utdanningane.”*

Høgskolen har hatt ei svært god utvikling i studentsøkning, registrerte studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) og studiepoengproduksjon dei seinare åra, noko styret ser som sær positivt.

Studentsøkninga var samla sett svært tilfredsstillande i 2013, og auka i høve til 2012. Talet på primærsøkjarar til HiT auka frå 2 831 i 2012 til 3 059 i 2013, og HiT styrkte dermed sin marknadsdel frå 2,45 % til 2,59 %. Måлтаlet for førstevalssøkjarar i Samordna opptak er på 2 900 i 2014 i strategisk plan. Styret ser det slik at dette målet er realistisk med bakgrunn i at talet var på 3 059 allereie i 2013.

Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) hadde ein kraftig auke i 2011 og 2012. Talet auka ytterlegare frå 2012 til 2013, frå 5 669 til 5 720 studentar. Måлтаlet for registrerte studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) blei i strategisk plan sett til 6 000 i 2014. Det var svært ambisiøst. Styret vurderer det likevel slik at høgskolen nesten vil nå dette målet, og ambisjonen er sett til 5 870 i årsplanen for 2014.

Den samla studiepoengproduksjonen auka med 302 60-studiepoengseiningar frå 2011 til 2012, ein auke på 7 %. Produksjonen auka ytterlegare med 182 60-studiepoengseiningar frå 2012 til 2013, til totalt 4 771. Måлтаlet er i strategisk plan sett til 4 900 i 2014. Høgskolen vil overføre barnehagelærarutdanninga i Drammen til HVB frå august 2014. På bakgrunn av denne endra føresetnaden meiner styret at måлтаlet i strategisk plan blir vanskeleg å nå fullt ut.

Styret vurderer samla sett utviklinga innan utdanning som svært positiv. Styret ventar lågare vekst og utflating i talet på studentar og produserte 60-studiepoengseiningar etter 2014. Hovudgrunnen til dette er at høgskolen dessverre i svært liten grad har blitt tilgodesett med nye studieplassar i KDs fordeling i 2012. Dette gjer det svært krevjande for høgskolen å auke talet på studentar innan m.a. ingeniøruddanning, barnehagelærarutdanning, økonomisk-/ administrativ utdanning og helse- og sosialfaglege utdanningar.

Høgskolen legg sterk vekt på utdanningskvalitet og gjennomfører ulike tiltak for å betre kvaliteten. I 2013 innførte høgskolen m.a. nytt system for evaluering av infrastruktur og læringsmiljø. I årsplanen for 2014 har styret vedtatt fleire tiltak retta mot utdanningsområdet, m.a. tiltak for å forbetre systemet for å følgje opp utdanningsplanane og revisjon av avvikssystemet. Styret vil i planperioden såleis sikre og vidareutvikle utdanningskvaliteten ved høgskolen. Auka tal på studentar gjev utfordringar i høve til bygningar og infrastruktur på studiestadene. For å betre lokala for studentane, og for å skape eit betre studentmiljø, vil styret derfor prioritere midlar til ut- og ombyggingar i 2014 og åra etterpå.

Høgskolen har blitt kjend for si satsing på e-læring, spesielt knytt opp mot nettundervisning med utgangspunkt på Notodden. HiT har som strategi å vere blant dei beste i Noreg når det gjeld bruk av teknologi innanfor verksemda sine kjerneområde, med spesiell fokus på undervisning. I ny målstruktur heiter det såleis m.a.: *"HiT sine nettbaserte studietilbod skal vere blant dei beste i landet"*. HiT har bygd opp ein stor studieportefølje på nett, både enkeltemne og heile studieprogram. Dette er både bachelor-, master- og vidareutdanningar. Studietilboda som er retta mot skole og barnehage, er i hovudsak synkrone nettstudium. Innan sjukepleie og vernepleie er det tilbod om fleksible og delvis nettbaserte studieprogram og vidareutdanning. I tillegg vert det tilbode årseiningar innan historie, norsk, engelsk og naturfag. HiT har blitt tildelt prosjektmidlar frå Noregsuniversitet til å etablere eit mastergradsstudium innanfor ingeniørfag. Det er etablert eit e-læringsnettverk med representantar frå fakulteta, IT og bibliotek. Det overordna formålet er å medverke til auka bruk av IKT i undervisning og læring, både for campusbaserte og nettbaserte utdanningstilbod. HiT starta i 2013 opp eit eget prosjekt, e@HiT, for å styrkje denne satsinga. e@HiT er eit 3-årig prosjekt der ein både vil utvikle den tekniske infrastrukturen og auke kunnskapen om bruken av undervisningsmetodar og teknologi i heile organisasjonen. I budsjettet for 2014 er det sett av ekstra midlar for å styrkje e-læring, m.a. midlar til ny mediaserver og betring av den tekniske infrastrukturen. Styret er svært godt nøgd med arbeidet på dette området, og er innstilt på å prioritere ytterlegare midlar for å styrkje dette feltet framover.

Forsking og utviklingsarbeid

"Forskningsverksemda ved HiT skal styrkjast i omfang og kvalitet, og stø opp under høgskolens utdanningsprofil. Fagleg samarbeid og nettverksbygging internt, nasjonalt og internasjonalt er viktig for å oppnå dette.

Områda med doktorgradsutdanning og praksisnær forskning knytt til profesjonsutdanningane skal prioriterast særskilt ved tildeling av ressursar til FoU."

HiT har oppnådd rett til å tildele doktorgrad på tre område. Styret ser det som eit uttrykk for HiTs faglege soliditet og kvalitet innan viktige satsingsområde, og for evna til å tenkje, satse og handle strategisk.

Styret ser det òg slik at det er svært god fagleg utvikling i dei tre doktorgradsprogramma, m.a. er talet på stipendiatar aukande. Det er ei økonomisk utfordring å ha minst 15 stipendiatar i kvart doktorgradsprogram til kvar tid, dvs. totalt 45 stipendiatar, som er NOKUTs krav. Høgskolen har berre fått tilført 24 KD-finansierte stipendiatstillingar, noko som er beklageleg få. HiTs mål er å ha 50 stipendiatar totalt knytte til dei tre programma i 2014. Høgskolen arbeidar likevel hardt for å finansiera stipendiatar. Styret vil ha fokus på at kravet om tal på stipendiatar blir sikra framover.

Forskningsproduksjonen viste ein vesentleg vekst frå 2011 til 2012, frå 87 til 124 publikasjonspoeng. Dette betyr ein auke på nesten 40 %. Frå 2012 til 2013 har forskningsproduksjonen auka ytterlegare, til 147 publikasjonspoeng. Måлтаlet i strategisk plan var på 100 publikasjonspoeng i 2014, eit tal høgskolen alt i 2012 nådde med god margin. Styret er svært godt nøgd med den positive utviklinga, og ventar ein ytterlegare vekst i forskningsproduksjonen framover.

I tillegg har HIT nådd målet på nye 115 publikasjonar i publikasjonsarkivet TEORA i 2013. Dette blir kreditert i internbudsjettet, og er eit mål i strategisk plan.

I 2013 behandla styret ei forskningsmelding for høgskolen. Meldinga vil danne grunnlag for høgskolens vidare strategiske prioritering og utvikling innan forskingsområdet.

Hausten 2013 starta HiT førebuingane fram mot søknadsfristen for Strategisk høgskoleprosjekt (SHP) i februar 2014. Tre prosjektskisser blei valde som gode utgangspunkt for å søke SHP, og dei tre var fagleg plasserte innanfor kvart sitt doktorgradsområde. Om eitt eller fleire av desse prosjekta blir realiserte, vil det styrkje forskinga innanfor det aktuelle forskingsområdet og samstundes auke rekrutteringa til doktorgradsprogramma.

HiT er i gang med å etablere forskingsgrupper for å forsterke nokre forskingsområde. Dette blir gjort for å få:
auka ekstern finansiering
meir målretta bruk av forskingskroner
meir målretta rekrutteringsarbeid
meir målretta søknadsskriving
meir målretta nettverksbygging
meir målretta profileringsarbeid.

Formålet er å skape forskingsgrupper som kan fungere som arenaer for idéutvikling og søknadsskriving.

Utviklinga innan internasjonalisering har vært god dei seinare åra, og den totale internasjonale aktiviteten er høgare i 2013 enn han har vore noko år tidlegare. Det er framleis for få utreisande utvekslingsstudentar, men det er positivt at tala aukar godt frå i fjor. Førebels er talet på personalutvekslingar (på 1 månad eller meir) for lågt. Måлтаlet vart sett til 250 utvekslingsstudentar (ut- og innreisande) i strategisk plan for 2014. Styret meiner at høgskolen ligg an til å kunne nå dette målet i 2014.

HiT vil leggje fram ei intern internasjonaliseringmelding i løpet av våren 2014. Denne vil danne grunnlag for høgskolens vidare strategiske prioritering og utvikling på internasjonaliseringsområdet.

Samfunnsansvar

”HiT skal vere ein tydeleg og engasjert samfunnsaktør og utvikle samhandlinga med offentlege og private aktørar. I fellesskap med UiA skal HiT arbeide for å utvikle ein samfunnskontrakt.”

Høgskolen har eit omfattande kontaktnett med samfunns- og næringsliv og har forsterka denne kontakten enda meir det siste året. Leiinga ved HiT har prioritert deltaking og bidrag på regionale møteplassar og nettverk kor utviklinga i fylket har stått på agendaen. Det verkar klart at HiT vert rekna med som ein sentral og viktig bidragsytar til den regionale utviklinga.

HiT har satsa på entreprenørskap i utdanning og forskning sidan byrjinga av 2000-tallet. Satsinga har kome til uttrykk m.a. gjennom studentbedrifter, gründercampar, egne studietilbod i entreprenørskap og kommersialisering av FoU. I 2013 blei det gjennomført ei kartlegging av status for entreprenørskapsaktivitetar ved HiT, og det blei vedtatt ein handlingsplan for å utvikle og styrkje satsinga på entreprenørskap og innovasjon i samarbeid med regionale aktørar. Det blir arbeidd målretta med å auke omfanget av studentføretak ved HiT, å integrere innovasjon og entreprenørskap i lærarutdanninga og sosial- og helsefaga, og å utvikle FoU-prosjekt i samarbeid med eksterne aktørar. Institusjonen eig aksjar, er med i styret og har utarbeidd ei samarbeidsavtale med den nyetablerte industri-inkubatoren Proventia, som skal medverke til at Telemark utviklar nye forretningsidear med potensial for betydeleg vekst.

Det vert arbeidd målretta med å auke dei eksterne bidrags- og oppdragsinntektene, og tala syner at høgskolen er på rett veg. Måлтаlet for eksterne inntekter blei i strategisk plan sett til 40 mill. kroner i 2014. Styret vurderer det slik at høgskolen nesten vil nå dette målet, og ambisjonen er sett til 38 mill. kroner i årsplanen for 2014. Styret meiner framleis det er eit stort potensial for å auke høgskolens eksterne inntekter. For å auke BOA-inntektene har høgskolen utarbeidd ein tiltaksplan, og det er sett i gang ein prosess for å etablere forskargrupper. Forskargruppene skal ha særskilt fokus på å auke høgskolens eksterne inntekter.

2 Resultatrapportering for 2013

2.1 Rapportering på mål

HiT har som ein overordna strategi å vidareutvikle universitetsfunksjonane og oppnå universitetsstatus saman med Universitetet i Agder innan 2016. Fram til 2014 skal HiT delta i eit institusjonelt forankra samarbeidsprosjekt med Universitetet i Agder med sikte på å utvikle og realisere konkrete fellestiltak av fagleg og administrativ karakter og å greie ut grunnlaget for fusjon eller utvida samarbeid mellom dei to institusjonane.

Det blir vist til nærare rapportering under punkt 1.2 om dette.

- 1 Verksemdsmål 1.1: HiT skal ha eit rikhaldig studietilbod både i breidd og nivå, og skal utdanne dugelege kandidatar som samfunnet har bruk for. Fagprofilen skal vere kjenneteikna av doktorgradsprogramma i teknologi, økologi og kultur, studieprogramma som står opp under desse, og profesjonsutdanningane.
 - Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Som det går fram av tabellen under, har HiT oppfylt dei aktuelle resultatmåla. Både talet på førstevalssøkjjarar og studentar har hatt ei god utvikling, sjølv om det er ein del variasjonar mellom fagområda. Samla sett meiner HiT at verksemdsmålet er nådd.

Utfordringa er å halde fram med å framheve det gode studietilbodet og samstundes bli flinkare til å formidle føremonene med å leve og studere utanom dei større byane.

- 2 Verksemdsmål 1.2: Høgskolen i Telemark skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming. HiT sine nettbaserte studietilbod skal vere blant dei beste i landet.
 - Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Dette verksemdsmålet blei i all hovudsak nådd i 2013. Det vil framleis vere ei viktig utfordring for 2014 å betre gjennomstrøyminga ytterlegare. Det blir arbeidd med ulike tiltak ved fakulteta for å redusere fråfallet og auke studiepoengproduksjonen. HiT har som strategi å vere blant dei beste i Noreg når det gjeld bruk av teknologi innanfor verksemda sine kjerneområde, med spesiell fokus på undervisning. HiT har i meir enn 10 år tilbode fleksible nettstøtta studium. Det blir vist til nærare omtale av fleksibel utdanning på side 21.

2.1 Styringsparametrar til 1.1 og 1.2.

- a) Talet på førstevalssøkjjarar i Samordna opptak skal vere minst 2 950.
- b) Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) skal vere minst 5 842.
- c) KD: Gjennomføring på normert tid skal vere minst 0,88.
- d) KD: Del uteksaminerte kandidatar av dei som vart tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare.
- e) Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år skal vere minst 47.
- f) Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere om lag 19.

- g) Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar skal vere minst 4 570.
- h) Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar skal vere minst 130.
- i) Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar skal vere minst 900.
- j) Talet på uteksaminerte kandidatar fordelte på følgjande prioriterte område skal vere minst slik dei går fram i parentes: sjukepleiarutdanning (100), vernepleiarutdanning (60), allmennlærerutdanning (40), førskolelærerutdanning (170) og ingeniørutdanning (180).
- k) KD: Kvalitativ styringsparameter: Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2011	2012	2013	2014
Førstevalssøklarar i Samordna opptak Frå So 46	2 576	2 831	3 059	3 100
Studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar)	5 368	5 669	5 723	5 870
Gjennomføring på normert tid*		48,5/25,3	51,6/28,0	51/28
Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år	47,9	48,6	50,1	50
Studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	18,5	18,8	18,6	19
Talet på eigenfinansierte nye 60- studiepoengseiningar	4 287	4 589	4 771	4 668
Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar	123	118	150	160
Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar	864	724	898	920
Talet på uteksaminerte kandidatar fordelte på utvalde område				
• sjukepleie	106	104	100	120
• vernepleie	49	32	66	35
• allmennlærer	41	59	70	75
• førskolelærer	158	128	181	180
• ingeniør	149	151	149	160

*Gjennomføring bachelor/master (%).

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) Førstevalssøklarar i Samordna opptak skal vere minst 2 950.

Søkinga på landsbasis til høgare utdanning gjennom SO gjekk opp frå 115 764 i 2012 til 117 898 i 2013. HiTs tal på primærsøklarar auka frå 2 831 i 2012 til 3059 i 2013, og HiT styrkte dermed marknadsdelen sin frå 2,45 til 2,59 %. 44 % av førstevalssøklarane til HiT kjem frå Telemark. Innslaget av søklarar frå Vestfold og Buskerud ligg på høvesvis 13,6 % og 8,9 %, medan 6,1 % av søklarane med HiT som førsteval kjem frå Agder. Nett-/samlingsbaserte studium held fram med å rekruttere godt, men studia innan teknologiske fag og lærar- og barnehagelærerutdanning har dessverre hatt ei svak nedgang i talet på søklarar.

b) Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) skal vere minst 5 842.

Talet på eigenfinansierte heiltidsekvivalentar var 5 723 i 2013. Det inneber ein vekst på 1 % frå 2012. Resultatet var ikkje i samsvar med målet for 2013, som var å auke med 3 %.

c) KD: Gjennomføring på normert tid skal vere minst 0,88.

Høgskolen er nøgd med at delen av bachelorstudentar som gjennomførte på normert tid auka med om lag 3 prosentpoeng. For masterstudentar var auken om lag den same. Berekningsmåten for gjennomføring er endra frå tidlegare år.

d) KD: Del uteksaminerte kandidatar av dei som vart tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare.

Ikkje relevant for HiT i 2013.

e) Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år skal vere minst 47.

HiT hadde ein auke i studiepoengproduksjonen per student frå 2012 til 2013, frå 48,6 til 50,1, så resultatmålet for 2013 blei nådd med klar margin. Høgskolen er svært godt nøgd med dette.

f) Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere om lag 19.

Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling blei 18,6, og resultatmålet blei nådd.

g) Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar skal vere minst 4 570.

Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar blei 4 776 i 2013, ein auke på 182 (1 %) samanlikna med 2012. Resultatmålet på 4 570 blei såleis nådd med god margin. Hovudgrunnen til auken er høgare studenttal og god gjennomstrøyming.

h) Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar skal vere minst 130.

150 mastergradsstudentar fullførte i 2013, og det er høgare enn resultatmålet. Auken skuldast mellom anna at første kullet frå Masterstudium i pedagogikk med vekt på didaktikk og leiing blei uteksaminert.

i) Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar skal vere minst 900.

898 bachelorgradskandidatar fullførte i 2013 og resultatmålet blei såleis nådd. Høgskolen er godt nøgd med auken i talet på bachelorgradskandidatar.

j) Talet på uteksaminerte kandidatar fordelt på følgjande prioriterte område skal vere minst slik dei går fram i parentes: sjukepleiarutdanning (100), vernepleiarutdanning (60), allmennlærerutdanning (40), førskolelærerutdanning (170) og ingeniørutdanning (180).

Resultatmåla for uteksaminerte kandidatar blei oppfylte for sjukepleiarutdanninga, vernepleieutdanninga, førskolelærerutdanninga og allmennlærerutdanninga, medan ingeniørutdanninga i 2013 fekk uteksaminert færre enn målet.

k) KD: Kvalitativ styringsparameter: Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma.

HiT ser på denne styringsparameteren som grunnleggjande for alle utdanningar. For alt arbeid med studieprogram, læringsmiljø, kompetanseutvikling og kvalitetssikring må oppnådd læringsutbytte vere målet. For den einskilde studenten vil graden av oppnådd læringsutbytte for fullført studieprogram bli målt ved karakterane på vitnemålet. Ser ein på høgskolen under eitt, må ein nytte samla tal sjølv om resultatane vil variere mellom studieprogram. Slik sett gjev fleire av dei kvantitative styringsparametrane indikasjonar knytte til oppnådd læringsutbytte, for eksempel studiepoengproduksjon, kandidatproduksjon, gjennomstrøyming m.v. Brukarundersøkingar og alumniordningar vil ytterlegare kunne måle og dokumentere oppnådd læringsutbytte, både individuelt og akkumulert på institusjonsnivå. Slike er per i dag ikkje etablerte på ein systematisk måte ved HiT.

- 3 Verksemdsmål 1.3: Høgskolen i Telemark skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid som medverkar til auka utdanningskvalitet.
- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

HiT meiner at verksemdsmålet er rimeleg godt oppfylt for 2013.

Det er framleis for få utreisande utvekslingsstudentar, jamvel om det har vore ei særers positiv utvikling i 2013. Talet på personalutvekslingar (på 1 månad eller meir) er framleis for lågt.

Med desse atterhalda er høgskolen nøgd med utviklinga i dei seinare åra, der fleire og fleire av fagmiljøa er involverte i internasjonalt samarbeid av ulikt slag. Dei fleste samarbeidstiltaka frå tidlegare år held fram.

Aktivitetane er mange og viser stor breidd. I 2013 har HiT (AF) fått midlar til fleire store prosjekt, mellom anna deltar ein i to store NORHED-prosjekt i Afrika og Asia. Der er også innvilga støtte til eit prosjekt innan økoturisme med ein russisk partnar i Russlandsprogrammet. Tre prosjekt med finansiering gjennom Eurasiaprogrammet held fram. Eit NOMA-prosjekt er i avslutningsfasen, og vil bli ferdigstilt i løpet av 2014. Innanfor kultur- og humanistiske fag har ein også i 2013 mottatt midlar til ein nordisk mastergrad.

Det syner seg at dei miljøa som blir aktive i samarbeidsprosjekt, får erfaring og inspirasjon til å gå inn i andre former for internasjonalt samarbeid, og at det fort blir fruktbare synergieffektar av slike prosjekt.

Høgskolen vil peike på at den totale internasjonale aktiviteten er høgare i 2013 enn han har vore noko år tidlegare. Det er mange søkjarar til dei midlane som blir lyste ut internt til støtte for internasjonalt samarbeid. Det er fleire søknader om deltaking i internasjonale program, og fleire miljø er med. Fleire miljø enn tidlegare har tilbod om enkeltemne eller kortare program på engelsk, jamvel om ikkje alle emna kjem med i rapporteringa til DBH fordi mange av dei er på mindre enn 10 studiepoeng.

Talet på utanlandske studentar aukar framleis. Ei spesialisering innanfor mastergraden i natur-, helse- og miljøvern har blitt tilbode på engelsk for første gong i 2013. Mastergraden i tradisjonskunst blir lagt til rette for undervisning på engelsk for internasjonale studentar. Dette kjem i tillegg til dei tre mastergradane i teknologi. Fleire lågare grads studium har enkeltemne som blir underviste på engelsk som del av den ordinære studie-/fagplanen (mellom anna sjukepleiarutdanninga og ingeniørutdanninga), men også ved AF blir fleire emne som inngår i internasjonale program nytta i dei ordinære programma. TF har i 2013 godkjent fagplanar med eit fullt semester på engelsk i alle bachelorutdanningane frå hausten 2014.

Alle fakulteta ved HiT arbeider godt med å utvide det internasjonale samarbeidet, jamvel om det framleis er miljø som kunne ha vore meir aktive. Utviklinga er positiv. Leiinga på institusjons- og avdelingsnivå legg vekt på internasjonalisering som eit viktig kvalitativt aspekt ved verksemda, og eit viktig element i konkurransen om både studentar og fagpersonar. I 2012 starta eit arbeid med å leggje fram ei omfattande melding om internasjonaliseringsverksemda for styret. Arbeidet har blitt noko forsinka, men vil bli avslutta i 2014 og skal vere eit grunnlag for å vurdere vidareutvikling av høgskolens strategi for internasjonalisering.

Høgskolen har eit godt utbygd internasjonalt nettverk, og arbeider aktivt for å kople saman ulike fagområde i høgskolen når det gjeld internasjonalisering og for å introdusere nye fagmiljø til etablerte avtalepartnarar. Kina-samarbeidet femner nå om aktivitetar ved TF og EFL. Lærarutdanning, natur- og miljøvern fag og teknologiske fag satsar felles på eit samarbeid med University of Pune, India. HiT er med i ei rad Nordplus- og Erasmusaktivitetar, har fleire større prosjekt innanfor utdanning mellom anna med tilskot gjennom SIU (NOMA- og Eurasia-programma). TF, AF og EFL er alle involverte i prosjekt under Eurasia-programmet. HiT har nå samarbeid med partnarar i dei fleste av dei geografiske områda som har vore prioriterte dei siste åra, mellom anna Kina, India, USA, Canada, Sør-Afrika og EU-området.

I 2013 har HiT deltatt som partner i eit samarbeidsprosjekt leia av Telemark Fylkeskommune for å styrkje relasjonane til partnerar i Midtvesten innan utdanning, kultur og næringsliv.

3.1 Styringsparametrar

- a) Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) skal vere minst 200, av dei 65 utreisande.
- b) Talet på tilsette som blir utveksla via programavtalar skal vere minst 10.
- c) Omfanget av framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng skal liggje på 900.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2011	2012	2013	2014
Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande)	178	186 (ut 46)	230 (ut 64)	245 (ut 75)
Tilsette som blir utveksla via programavtalar (1 mnd. eller meir)	1	4	2	10
Omfanget av framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng	830	980	842,5	1 000

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande) skal vere minst 200, av dei 65 utreisande.

Studentutvekslinga totalt (ut + inn) var i 2013 på 230. Dette er ei monaleg auke frå 2012. Det positive er at talet på utreisande studentar aukar monaleg frå i fjor, og nå er på 64 utreisande studentar. Fagmiljøa har jobba målmedvete med å leggje betre til rette for at utvekslingar kan kome i stand, og det har dei lukkast med. HiT vonar at den positive utviklinga vil halde fram.

Det er positivt at talet på utreisande er høgare enn i 2012, og HiT justerer derfor opp målet for tal på utreisande studentar for 2014. Fakulteta melder at fleire utdanningar har lagt om studia sine slik at det skal bli enklare å reise ut i tre månadar eller meir (til dømes sjukepleiar- og sosialfagstudia). TF melder at dei mellom anna har fem studentar i Sri Lanka våren 2014.

Tiltak for å auke talet på utreisande studentar har vore høgt prioritert i 2013. Eit pilotprosjekt for å auka studentutvekslinga ved AF blei starta i 2012. Det har ført til at fakultetet har fått fleire partnerar og meir internasjonal aktivitet.

Særleg profesjonsutdanningane har hatt problem med å leggje til rette for opphald ute i 3 månadar eller meir. I det nye Erasmus+ programmet blir det opna for at studentar kan reise ut på praksis i 2-12 månadar. HiT meiner at dette er svært positivt, og ventar at fleire studentar reiser ut på slike opplegg når perioden er redusert til 2 månadar. Det er å vone at også slike kortare opphald kan gje utteljing i budsjettmodellen. Det vil i så fall medverke til å auke talet på studentutvekslingar gjennom Erasmusprogrammet. Talet på studentar som har vore ute på kortare opphald, er om lag som for 2013, dvs. 68 studentar. Mellom anna har 21 førskolelærarstudentar vore i India for å ha praksis, 9 folkemusikkstudentar har vore i Litauen, og 12 studentar frå helse- og sosialfag har hatt opphald i Sverige.

b) Talet på tilsette som blir utveksla via programavtalar (opphald på minimum ein månad) skal vere minst 10.

Berre to personar har vore ute på fagleg opphald av tilstrekkeleg lengd til å bli rapportert i statistikken – ein fast tilsett og ein stipendiat. Høgskolen er ikkje nøgd med dette, eller med at talet er lågare enn i fjor. Ein tilsett frå ein partnerinstitusjon har hatt eit langt utvekslingsopphald ved HiT.

Høgskolen har ikkje hatt faste ordningar for fagleg oppdatering eller forskingsfri, og heller ikkje særskilde stipendordningar. Det er derfor vanskeleg å få til lengre opphald i utlandet. Høgskolen arbeider med ei ordning for forskingsfri, og vil sjå på om ein kan etablere ordningar for å stimulere til fleire utvekslingar av noko varigheit.

Av rapporteringa frå fakulteta går det elles fram at totalt 75 (72 i 2012) tilsette har vore på kortare utvekslingar i utlandet (1- 3 veker). Av desse har 23 vore Erasmus-utvekslingar, 14 i Nordplus-regi og 20 under bilaterale aktivitetar. Talet på personalutvekslingar som har vore gjennomførte med Erasmusstipend, har auka frå 2012 til 2013. Høgskolen har nytta sentrale midlar som ekstra stimulering til fakulteta for å auke utvekslinga med Erasmus-partnarar. Dette har gjeve gode resultat i talet på Erasmusutvekslingar.

57 personar frå HiT sine partnerar har vore på utvekslingsopphald til HiT i 2013, dei fleste på Erasmus- eller Nordplusaktivitetar. Dette syner at tilsette ved HiT er aktive i internasjonalt samarbeid og at høgskolen har eit stort og aktivt internasjonalt nettverk.

c) Omfanget av framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng skal liggje på 900.

Det totale omfanget av utdanningstilbod som blir underviste på engelsk i 2013 er om lag som i 2012. Talet på studiepoeng som blir rapporterte (emne med 10 studiepoeng eller meir) kan variere noko frå år til år. Som følge av at det frå tid til annan blir gjort endringar i studieplanar, vil talet på emne over 10 studiepoeng variere noko. Eit godt tilbod på engelsk er ein føresetnad for å byggje ut gode nettverk med tosidig utveksling og anna internasjonalt samarbeid om utdanning. Her har HiT lukkast godt.

HiT har eit godt tilbod av kortare studieprogram (med lengd på eitt til to semester) innan ulike fagområde med undervisning på engelsk. I 2013 hadde HiT 10 ulike program av denne typen (eitt mindre enn i 2012) innanfor økologi/miljøforvaltning, økoturisme, økonomisk-administrative fag, friluftsliv, kroppøving, folkemusikk og forming. I tillegg blir tre mastergradar i teknologi og mastergraden i natur-, helse og miljøvern undervist på engelsk (eitt meir enn i 2012). Doktorgradane i teknologi og økologi blir òg underviste/rettleia på engelsk, men er ikkje med i talet her.

Det er ei utfordring å integrere utanlandske og norske studentar når dei fleste av dei utanlandske studentane går på dei kortvarige engelskspråklege studietilboda. Høgskolen oppmodar derfor til at fleire av emna knytte til desse studia blir integrerte i ordinære norskspråklege studieprogram for å få eit meir internasjonalt studentmiljø og betre møte mellom norske og utanlandske studentar, og for at norske studentar skal få øving i å nytte engelsk som fagspråk. Innanfor teknologiske fag vil 5. semester bli undervist på engelsk frå hausten 2014. Her ligg det til rette for at både norske og utanlandske studentar kan ta desse emna.

4 Verksemdsmål 2.1: HiT skal prioritere tverrfagleg og praksisnær forskning som stør opp under høgskolens utdanningsprofil og som samstundes møter regionale og nasjonale kompetansebehov.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal, i tråd med sin eigenart, utføre forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

HiT har i 2013 halde fram den positive utviklinga innanfor forskning. Høgskolen hadde i 2013 sitt beste forskingsår til nå målt i publikasjonspoeng. Aldri har det blitt publisert så mykje av tilsette ved høgskolen, korkje i absolutte tal eller målt som gjennomsnitt per UFF-stilling.

Publikasjonar er berre ein indikator for å måle forskingsaktivitet, og sjølv om den syner ein positiv trend, er det andre indikatorar som ikkje teiknar eit like positivt bilete av forskingssituasjonen ved høgskolen. Ein sentral indikator er tildelingar frå Forskringsrådet, der trenden går nedover. Det skjer samstundes som at behovet for ekstern finansiering av forskinga aukar. Dette har vore klart for høgskolen i fleire år, og tiltak for å rette på situasjonen er sette i gang.

HiT held også fram med å gjere vitskaplege arbeid tilgjengelege for alle i det opne arkivet TEORA.

Høgskolen deltok også i 2013 i Forskar Grand Prix, og blei også i år blant dei tre beste på landsbasis.

- 5 Verksemdsmål 2.2: Innan områda teknologi, økologi og kultur skal HiT drive forskning og forskarutdanning på høgt nasjonalt og internasjonalt nivå.
 - Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal, i tråd med sin eigenart, utføre forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Doktorgradsstudium innan prosess-, energi- og automatiseringsteknikk blei akkreditert av NOKUT i 2009, og studiet starta opp hausten 2009. Det innebar at dei første kandidatane blei uteksaminerte i 2012. Totalt blei 3 kandidatar uteksaminerte frå dette doktorgradsprogrammet i 2013. Samstundes blei ein kandidat frå same fakultet uteksaminert frå annan institusjon i 2013.

HiTs doktorgradsstudium innan økologi blei godkjent oppretta hausten 2010. Programmet starta opp hausten 2011. Den første kandidaten som disputerte på programmet, gjorde det allereie i 2013.

I 2012 blei høgskolens tredje doktorgradsprogram, i kulturstudiar, starta opp. Det er ikkje venta at nokon frå dette programmet vil disputere før tidlegast i 2015.

Hausten 2013 starta HiT førebuingane fram mot søknadsfristen for Strategisk høgskoleprosjekt (SHP) i februar 2013. Tre prosjektskisser blei valde som gode utgangspunkt for å søkje SHP i februar 2014, og dei tre var fagleg plasserte innanfor kvart sitt doktorgradsområde. Om eitt eller fleire av desse prosjekta blir realiserte, vil det styrkje forskinga innanfor det aktuelle forskingsområdet og samstundes auke rekrutteringa til doktorgradsprogramma.

5.1 Styringsparametrar til 2.1 og 2.2.

- a) Talet på avlagde doktorgradar tildelte av HiT skal vere 8.
- b) Talet på avlagde doktorgradar av personar HiT har arbeidsgjevaransvar for skal vere 12.
- c) Øyremerkte midlar til eigne doktorgradsprogram skal vere minst 15. mill. kroner.
- d) Stipendiatar på eigne doktorgradsprogram skal vere minst 52.
- e) Rekruttering til doktorgrad frå eigne masterstudentar skal vere minst 20.
- f) Talet på publikasjonspoeng skal vere minst 120.
- g) Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal liggje på minst 0,3.
- h) Tildeling frå Forskingsrådet skal vere på minst 7 mill. kroner.
- i) Høgskolen skal delta i utarbeiding av minst 4 EU-søknader.
- j) Talet på nye publikasjonar i TEORA skal vere minst 60.
- k) KD: Kvalitativ styringsparameter: Resultatopppnåing i forskning i høve til høgskolens eigenart.
- l) KD: Kvalitativ styringsparameter: Samspel mellom forskning og utdanning.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2011	2012	2013	2014
Talet på avlagde doktorgradar tildelte av HiT	-	5	4	8
Talet på avlagde doktorgradar av personar HiT har arbeidsgjevaransvar for	7	12	6	10
Øyremerkte midlar til egne doktorgradsprogram			14,5 mill. kroner	
Stipendiatar på egne doktorgradsprogram			48	50
Rekruttering til doktorgrad frå egne masterstudentar			18 (4)	20 (5)
Talet på publikasjonspoeng	86,8	124,2	147	155
Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0,23	0,33	0,38	0,40
Tildeling frå Forskringsrådet		7 239 483*	5 075 764*	10 000 000
Høgskolen skal delta i utarbeiding av EU-søknader			2	2
Talet på nye publikasjonar i TEORA	24	61	115	120

* Inkludert midlar frå regionale forskingsfond.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) *Talet på avlagde doktorgradar tildelte av HiT skal vere 8.*

I 2013 vart det tildelt fire doktorgrader ved høgskolen. Det er berre halvparten av måлтаlet, og høgskolen er ikkje nøgd med resultatet. Ei forklaring er at nokre av dei kandidatane som var venta å disputere i 2013, blei sinka i framdrifta på doktorgradsarbeidet og ligg an til å disputere i 2014. Talet er i utgangspunktet såpass lågt at små endringar i framdrifta hjå nokre kandidatar gjev store utslag i prosenttal.

b) *Talet på avlagde doktorgradar av personar HiT har arbeidsgjevaransvar for, skal vere 12.*

Det totale talet doktorgradar avlagte av personar HiT har arbeidsgjevaransvaret for var seks, av dei var det fire på egne doktorgradsprogram og to på doktorgradsprogram utanfor høgskolen. Det er også berre halvparten av måлтаlet, og høgskolen er heller ikkje her nøgd med resultatet. Litt av forklaringa er den same som under bokstav a) ovanfor.

c) *Øyremerkte midlar til egne doktorgradsprogram skal vere minst 15. mill. kroner.*

I 2013 blei det øyremerkte 14,53 millionar kroner til doktorgradsprogramma innanfor eiga ramme.

d) *Stipendiatar på egne doktorgradsprogram skal vere minst 52.*

I 2013 var det 48 stipendiatar registrerte på egne doktorgradsprogram.

e) *Rekruttering til doktorgrad frå egne masterstudentar skal vere minst 20.*

Her har HiT dessverre ikkje fått alle data. Høgskolen anslår at 18 av totalt 48 stipendiatar er rekrutterte frå eigne masterprogram til doktorgradsprogramma. Av desse er 4 nyrekrutterte frå eigne masterprogram til doktorgradsprogramma i 2013.

f) Talet på publikasjonspoeng skal vere minst 120.

Førebelse tal syner at veksten frå 2012 held fram i 2013 og at talet publikasjonspoeng ligg an til å bli omkring 147. Det er ein auke på om lag 23 poeng frå 2012. Høgskolen meiner veksten bør sjåast i samheng med at det er sett auka fokus på å publisere frå leiingens side. Trenden har vore aukande dei siste fem åra, og talet er nærare firedobla sidan botnåret 2008.

g) Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal liggje på minst 0,3.

Dei endelege tala for 2013 ligg ikkje føre ennå, men førebelse tal syner ein vekst frå 2012 til 2013. Talet er primo februar 2014 på cirka 0,38 poeng. Det er ein auke frå 0,33 poeng i 2012. Veksten i talet på publikasjonspoeng er større i reine tal enn per UFF-stilling, av di talet på tilsette i UFF-stillingar har auka.

h) Tildeling frå Forskringsrådet skal vere minst 7 mill. kroner.

Tildelinga frå Forskringsrådet gjekk ned med nærare 2,2 mill. kroner frå 2012 til 2013. Det skuldast i hovudsak at to store prosjekt blei avslutta i 2012, og dei er førebels ikkje erstatta av nye prosjekt. Høgskolen ser alvorleg på nedgangen og dei manglande nye prosjekta. Det er sett i gang fleire målretta tiltak for å bøte på situasjonen. Til dømes vil interne midlar som er sette av til ekstern verksemd bli prioriterte til søkjarar som skal bruke dei til å skrive søknader mellom anna til Forskringsrådet. Forskringsstipend kan òg nyttast til å kjøpe seg fri til å skrive søknader. Det er vidare gjort framlegg om endring i den interne finansieringsordninga slik at sende søknader og prosjekt som blir godkjende og finansierte eksternt gjev uttelling i budsjettfordelinga.

i) Høgskolen skal delta i utarbeiding av minst 4 EU-søknader.

I 2013 var høgskolen med på to søknader til EU. Det er mindre enn resultatmålet, men inneber likevel auke frå tidlegare år. Satsinga på EU har vore smålåten ved høgskolen tidlegare, men er nå på veg opp. I 2013 deltok også 15–20 personar i både faglege og administrative stillingar ved HiT på kurs og seminar som har som føremål å førebu dei på å søkje og drive prosjekt under EUs rammeprogram Horisont 2020.

j) Talet på nye publikasjonar i TEORA skal vere minst 60.

Talet på nye publikasjonar i TEORA i 2013 blei 115. Det er nesten 40 fleire enn i 2012, og den store auken frå 2011 til 2012 held fram. Auken i 2013 kjem i stor grad av at arbeidet med å få publikasjonar inn i TEORA har vore høgt prioritert av biblioteket.

k) KD: Kvalitativt styringsparameter: Resultatoppnåing i forskning i høve til høgskolens eigenart.

Forskringsinnsatsen til HiT, og resultata, heng saman med institusjonens fagprofil generelt, ved at forskingsverksemda ligg innanfor dei fagområda der ein har studietilbod. Samstundes er forskingsverksemda med på å definere og utvikle fagprofilen. Høgskolen har utvikla doktorgradsprogram innanfor områda teknologi, økologi og kultur. Ein er derfor opptatt av at talet på stipendiatar, talet på avlagde doktorgradar og profilen på publiseringane speglar denne satsinga. Vidare skal høgskolen prioritere tverrfagleg og praksisnær forskning som stør opp under institusjonens utdanningsprofil, m.a. med store profesjonsutdanningar. For å sikre god rekruttering til eigne faglege satsingsområde er det viktig med stabil rekruttering frå eigne mastergradsutdanningar.

Høgskolen har i 2013 øymerkt ca. 15 mill. kroner til dei 3 doktorgradsprogramma. Desse midlane skal dels gå til undervisning og rettleiing, og dels til forskning innanfor doktorgradsområda. Vidare har høgskolen totalt finansiert 11 stipendiatar av eigne midlar (i tillegg til dei 24 frå departementet). Desse har i hovudsak gått til å styrkje rekrutteringa til dei 3 doktorgradsprogramma. I 2013 har HiT om lag 48 stipendiatar på eigne program, og talet er venta å stige til om lag 50 i løpet av 2014.

l) KD: Kvalitativt styringsparameter: Samspel mellom forskning og utdanning.

Det er viktig at HiTs utdanning og forskning styrkjer kvarandre gjensidig. Forskingsinnsatsen bør i stor grad knytast opp mot område som står sentralt i høgskolens studieprogram. Nærkontakt mellom eiga forskning og eigne studieprogram er eit ideal for høgskolen, og slik nærkontakt gjer at høgskolen òg vil kunne rekruttere studentar frå HiT til eigne master- og doktorgradsprogram. Det er i dag mogleg å gå vidare til eitt av dei tre doktorgradsprogramma frå alle høgskolens mastergradsprogram, sjølv om somme sjølvsgt har ein meir direkte samanheng enn andre. Konkret inneber denne ambisjonen at dei tilsette i størst mogleg grad skal integrere eiga forskning i undervisninga, og at dei òg bør invitere studentar på alle nivå med som deltakarar i FoU-arbeid. Vidare vil fleire første- og toppstillingar gje sterkare forskingsbasert undervisning.

Høgskolen har mange profesjonsutdanningar som står nær praksisfeltet og ofte har ei tverrfagleg tilnærming. Dette bør implisere forskning som tar utgangspunkt i og belyser eitt eller fleire praksisfelt, og som i neste omgang undersøker og analyserer desse felta med eit tverrfagleg blikk.

Høgskolen ser at både økologi-, teknologi- og kulturdoktorgraden rekrutterer studentar frå høgskolens eigne mastergradsstudium. HiT legg òg vekt på at det skal vere konkurranse om stipendiatstillingane som blir lyste ut, slik at HiT skal tiltrekkje seg gode kandidatar frå inn- og utland. Spesielt til doktorgradsprogramma i økologi- og teknologi har høgskolen hatt stor søkning frå internasjonale studentar.

- 6 Verksamds mål 3.1: Høgskolen i Telemark skal utvide og forsterke samarbeid og kontakt med samfunns- og næringsliv. M.a. gjennom sin desentraliserte struktur skal høgskolen stå fram i regionen som ein tydeleg og sjølvsgt samarbeidspartnar.
 - Verksamds målet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal vere ein tydeleg samfunnsaktør og medverke til formidling, internasjonal, nasjonal og regionale utvikling, innovasjon og verdiskaping.

Oppnåing og analyse (overordna for verksamds målet).

Høgskolen har eit omfattande kontaktnett med samfunns- og næringsliv og har forsterka denne kontakten enda meir det siste året. Leiinga ved HiT har prioritert deltaking og bidrag på regionale møteplassar og nettverk kor utviklinga i fylket har stått på agendaen. Det verkar klart at HiT vert rekna med som ein sentral og viktig bidragsytar til den regionale utviklinga.

- 7 Verksamds mål 3.2: Både gjennom utdanning, forskning og formidling skal HiT, m.a. saman med regionale aktørar, medverke til innovasjon og entreprenørskap.
 - Verksamds målet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal vere ein tydeleg samfunnsaktør og medverke til formidling, internasjonal, nasjonal og regionale utvikling, innovasjon og verdiskaping.

Oppnåing og analyse (overordna for verksamds målet)

HiT har satsa på entreprenørskap i utdanning og forskning sidan byrjinga av 2000-tallet. Satsinga har kome til uttrykk m.a. gjennom studentbedrifter, gründercampar, eigne studietilbod i entreprenørskap og kommersialisering av FoU. I 2013 blei det gjennomført ei kartlegging av status for entreprenørskapsaktivitetar ved HiT, og det blei vedtatt ein handlingsplan for å utvikle og styrkje satsinga på entreprenørskap og innovasjon i samarbeid med regionale aktørar. Det blir arbeidd målretta med å auke omfanget av studentforetak ved HiT, å integrere innovasjon og entreprenørskap i lærarutdanninga og sosial- og helsefaga, og å utvikle FoU-prosjekt i samarbeid med eksterne aktørar.

HiT deltar i fleire regionale satsingar på innovasjon og entreprenørskap, deriblant VRI-programmet. Gjennom samarbeidet i den regionale partnarskapen i VRI har HiT fått midlar til å styrkje arbeidet med systematisk utveksling av kompetanse mellom næringsliv og høgskolens kunnskapsmiljø. Institusjonen eig aksjar, er med i styret og har utarbeidd ei samarbeidsavtale med den nyetablerte industri-inkubatoren Proventia, som skal medverke til at Telemark utviklar nye forretningsidear med potensial for betydeleg vekst. Institusjonen har òg teikna medlemskap i det internasjonale non-profit bedriftsnettverket CONNECT

som fremjar innovasjon og entreprenørskap. HiT samarbeider også med kommersialiseringselskapet COVENTURE om å utvikle kommersialiseringsarbeidet ved høgskolen.

7.1 Styringsparametrar til 3.1 og 3.2.

- a) KD: Del inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd (BOA), utanom forskingsfinansiering frå NFR og EU, skal vere minst 8 mill. kroner.
- b) Det totale omfanget av eksterne inntekter, dvs. alt utanom tildelt løyving over statsbudsjettet, skal vere minst 30 mill. kroner.
- c) Resultat av oppdragsfinansiert verksemd skal auke til minst 600 000 kroner.
- d) Talet på eigenfinansierte studentar i nett- og samlingsbasert undervisning skal vere minst 950.
- e) Talet på studentføretak skal vere minst 20.
- f) KD: Kvalitativt styringsparameter: Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.
- g) KD: Kvalitativt styringsparameter: Fleksibel utdanning.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2011	2012	2013	2014
KD: Del inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd (BOA), utanom forskingsfinansiering frå NFR og EU	*Ikkje samanliknbar	2,0 % (12,2 mill. kroner)	2,9 % (18,6 mill. kroner)	3,0 %
Det totale omfanget av eksterne inntekter, dvs. alt utanom tildelt løyving over statsbudsjettet	*Ikkje samanliknbar	34,2	35	38
Resultat av oppdragsfinansiert verksemd	392 000	551 000	-27 192	600 000
Talet på eigenfinansierte studentar i nett- og samlingsbasert undervisning**			1 163	1 300
Talet på studentføretak		19	20	20

* Prinsippending for BOA-inntekter. Samanlikningstalet for 2012 er endra.

** Definisjon er noko endra frå tidlegare definisjon.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) *KD: Del inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd (BOA), utanom forskingsfinansiering frå NFR og EU, skal vere minst 8 mill. kroner.*

Inntektene frå BOA utanom forskingsfinansiering frå NFR og EU har auka med over 6 mill. kroner frå 12,2 til 18,6, noko som er godt over målsetjinga. Auken skuldast i hovudsak opplæringsprogrammet Aktiv omsorg som er finansiert av HelseDirektoratet og blir gjennomført i regi av Senter for Omsorgsforskning ved HiT i samarbeid med Fagakademiet. Men også prosjektet Telemark Historie har medverka til auka inntekter i 2013.

b) *Det totale omfanget av eksterne inntekter, dvs. alt utanom tildelt løyving over statsbudsjettet, skal vere minst 30 mill. kroner.*

Det totale omfanget av eksterne inntekter i 2013 var 35 mill. kroner, ein auke på 0,8 mill. kroner samanlikna med året før. Dette er godt over målsetjinga og skuldast i hovudsak inntekter frå oppdrag og anna

bidragsfinansiert verksemd utanom EU og NFR. Inntektene frå NFR gjekk ned med over 2 mill. kroner i 2012 og HiT hadde ingen inntekter frå EU i 2013.

c) *Resultat av oppdragsfinansiert verksemd skal auke til minst 600 000 kroner.*

For 2013 viser resultatoppstillinga eit underskot frå oppdragsaktivitet på kr 27 192,26. Av dette er overskot frå 5 prosjekt på til saman kr 156 094,06. Tre prosjekt gjekk med underskot på i alt kr 139 287,32. I tillegg blei aksjar i Vitenlaben AS selde med eit tap på kr 43 999,00.

d) *Talet på eigenfinansierte studentar i nett- og samlingsbasert undervisning skal vere minst 950.*

Styringsparameteren var i opphavleg plan for 2014: «Talet på eigenfinansierte studentar i desentralisert undervisning og fjernundervisning skal auke til 950». Høgskolen har i styringssamanheng funnet det meir tenleg å endre denne definisjonen til «Talet på eigenfinansierte studentar i nett- og samlingsbasert undervisning skal vere minst 950».

Talet på eigenfinansierte studentar i nett- og samlingsbasert undervisning blei 1 163 i 2013. Høgskolen er godt nøgd med dette, og ventar ein ytterlegare auke i 2014.

e) *Talet på studentføretak skal vere minst 20.*

Talet på studentføretak våren 2013 var 20. Det har vore ei målretta satsing på å utvikle omfanget av studentføretak ved HiT. Studentføretaka ved HiT er kjende for å ha høg kvalitet og skåre bra i nasjonale og internasjonale konkurransar, og dei blir gjennomførde i nært samarbeid med regionalt samfunns- og næringsliv.

f) *KD: Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.*

HiT har eit omfattande og mangslunge samarbeid både med privat næringsliv, offentleg sektor og frivillige organisasjonar. I løpet av 2013 har samarbeidet med samfunns- og arbeidsliv både regionalt, nasjonalt og internasjonalt blitt ytterlegare utvida og forsterka. Nedanfor følgjer oversyn over eit utval samarbeidsrelasjonar som HiT har inngått eller utvikla i løpet av 2013, og som viser både breidd og omfang i den ekstern verksemda:

HiT har:

- Gjennomført to møte i Råd for samarbeid for arbeidslivet for UiA og HiT (RSA) i samarbeid med UiA. Tema for det eine møtet var status for fellesprosjektet UiA/ HiT og samhandlingsreforma og kompetansekrav i høgare utdanning. Tema for det andre møtet var korleis UiA og HiT kan medverke til ei berekraftig samfunnsutvikling i samarbeid med næringsliv, offentleg og frivillig sektor. Arbeidet med ein samfunnskontrakt har også vore tema på dei to møta i RSA og i fellesprosjektet UiA/HiT.
- Vore med på å etablere vitensenteret Du Verden, som har som målsetjing å auke unges interesse og kunnskap om realfag og historie og styrkje deira tilknytning til regionen.
- Medverka til å utvikle ei ny regional trainee-ordning, Trainee Telemark, som skal styrkje konkurransekrafta i regionen ved at verksemdar får tilgang til høgt utdanna arbeidskraft.
- Utarbeidd ei samarbeidsavtale med den nyetablerte industri-inkubatoren Proventia som skal bidra til at Telemark utviklar nye forretningsidear med potensial for betydeleg vekst.
- Deltatt i VRI Telemark og gjennom samarbeidet i det regionale partnerskapet fått midlar til å styrkje arbeidet med systematisk utveksling av kompetanse mellom næringsliv og høgskolens kunnskapsmiljø.
- Utvikla ei samarbeidsavtale med NAV Telemark som skal sikre eit koordinert samarbeid om informasjonsutveksling, kompetansetiltak, praksisplassar og utveksling av fagpersonar.
- Etablert bransjefagråd for helse- og omsorg med målsetjing om å utvikle gode samarbeidsprosjekt, forskning og innovasjon mellom offentlege og private bedrifter og FoU-miljø.

- Etablert eit samarbeid med kommunar i Hallingdal og Telemark og HVB om å integrere entreprenørskap i vernepleiarutdanninga.
- Deltatt i prosjektsamarbeid med Telemark Idrettskrets med mål om å få fram fleire toppidrettsutøvarar i Telemark i alderen 15-23 år.
- Etablert samarbeid med fruktdyrkarar i Bø og Sauherad med tanke på forskingsprosjekt knytte til koplinga mellom klima, jordkvalitet og fruktkvalitet.
- Etablert samarbeid med NAV og vidaregåande skoler i Telemark om bruk av forskingsresultat i ny offentlig tenesteutvikling.
- Utvikla forskingssamarbeid med Fylkesmannen og Fylkeskommunen i Telemark om rettleiingsordningar for nyutdanna lærarar og barnehagelærarar.
- Deltatt i prosjektet Kompetansebyen Grenland, der alle ordførarar/varaordførarar og rådmenn frå Skien, Porsgrunn og Bamble, NHO Telemark og LO Telemark, i tillegg til høgskolen og studentar er representerte. Hovudfokus er studentmiljø og busetjing.
- Deltatt i NORAD-prosjekt i Guatemala saman med Fagforbundet i Telemark og Herøya arbeidarforeining med fokus på Fairtrade/berekraftig utvikling.
- Etablert samarbeid med Telemark museum, Vest-Telemark museum og avisa Varden om digitalisering av eldre avismateriale og historisk materiale i prosjektet Digitale telemarkskilder.
- Etablert samarbeid med Litteraturhuset i Skien, høgskolebiblioteka, Rjukan bibliotek og Kragerø bibliotek om forskingsformidling gjennom populærvitenskaplege foredrag.

g) *KD: Fleksibel utdanning.*

HiT har som strategi å vere blant dei beste i Noreg når det gjeld bruk av teknologi innanfor verksemda sine kjerneområde, med spesiell vekt på undervisning. HiT har i meir enn 10 år tilbode fleksible nettstøtta studium. I 2013 starta HiT prosjektet e@HiT for å styrkje denne satsinga. e@HiT er eit 3-årig prosjekt der ein både ønskjer å utvikle den tekniske infrastrukturen og å auke kunnskapen og bruken av undervisningsmetodar og teknologi i heile organisasjonen.

Nett- og samlingsbaserte kurs

HiT har bygd opp ein stor studieportefølje på nett, både enkeltemne og heile studieprogram. Dette er både bachelor-, master- og vidareutdanningar. Studietilboda som er retta mot skole og barnehage er i hovudsak synkrone nettstudium. Innan sjukepleie og vernepleie er det tilbod om fleksible og delvis nettbaserte studieprogram og vidareutdanning. I tillegg vert det tilbode årseiningar innan historie, norsk, engelsk og naturfag.

HiT har blitt tildelt prosjektmidlar frå Noregsuniversitet til å etablere eit mastergradsstudium innanfor ingeniørfag.

Opptak og produksjon av læringsressursar

HiT gjer opptak av utvalde førelesingar. Desse blir gjort tilgjengelege for studentane via Fronter, og er retta mot intern bruk. I tillegg blir det produsert diverse undervisningsvideoar. Biblioteket har òg laga opplæringsvideoar. Det er produsert fleire digitale læringsressursar i 2013 til bruk m.a. i kombinasjon med ”Flipped classroom”.

Korleis arbeidet med fleksibel utdanning er nedfelt i HiTs styringsdokument og korleis dette blir følgt opp
Arbeidet med fleksibel utdanning er nedfelt i HiTs strategiske plan. Det er etablert eit e-læringsnettverk med representantar frå fakulteta, IT og bibliotek. Nettverket blir koordinert av Utdanningsseksjonen. Det overordna formålet er å medverke til auka bruk av IKT i undervisning og læring, både for campusbaserte og nettbaserte utdanningstilbod. E-læringsnettverket arbeider ut årlege tiltaksplanar som spesifiserer planlagde aktivitetar. I 2013 var det fokus på følgjande område:

- Etablere e-læringsprosjektet e@HiT.
- Evaluere og tilrå løysing for synkron nettbasert undervisning.
- Evaluere og tilrå løysing for produksjon og lagring av digitale læringsressursar.
- Tilby opplæring til fagleg tilsette i utvalde verktøy og pedagogisk bruk av desse.
- Medverke til at rom blir tilpassa nettundervisning.
- Utlyse og tildele interne prosjektmidlar knytte til e-læringstiltak.
- Delta i prosjekt for å gjennomføre digital skriftleg skoleeksamen (samarbeid med UiA).

Deltaking i eCampus

HiT hadde ein deltakar med i prosjektgruppa som arbeidde med felles løysing for nettmøte/nettundervisning. HiT er brukar av både Adobe Connect og Nefsis. I tillegg nyttar ein m.a. Camtasia Relay til å produsere digitale læringsressursar. HiT har gjennomført ein anskaffingsprosess for ny løysing for opptak/arkivering/publisering (mediaserver).

8 Verksemdsmål 4.1: Høgskolen i Telemark skal ha god strategisk styring og kompetanse- og ressursplanlegging som fremjar kvalitet og omstillingsevne.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med si samfunnsrolle.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

HiT meiner at dette verksemdsmålet må seiast å vere nådd på dei mest vesentlege områda.

Resultat av ordinære aktivitetar i 2013 er eit meirforbruk på 19,0 mill. kroner (3 %). Overføring til Statsbygg for ombygging av servicetorg på Notodden utgjør 7,8 mill. kroner av meirforbruket, og er tatt som ei eingongsinvestering i staden for å husleigeberekne ombygginga. Meirforbruket i samband med dei ordinære aktivitetane har vore stabilt på 10 – 11 mill. kroner gjennom heile året. Dette er i samsvar med høgskolens mål om eit meirforbruk på 10 mill. kroner i budsjettåret 2013. Høgskolen budsjetterte med meirforbruk i 2013 for å redusere oppsamla mindreforbruk frå tidlegare år.

Det eksterne resultatet for 2013 er -27 192 kroner. Resultatet for 2013 er svakare enn venta. Budsjett for 2013 var eit positivt resultat på ca. 592 000 kroner, og resultatet for 2012 var 550 539 kroner.

Inntektene frå løyvings- og bidragsfinansiert aktivitet som ikkje er nytta ved rekneskapsavslutninga, blir sette av i balansen som ei forplikting. Balanseførte avrekningar er reduserte med 19,3 mill. kroner (-29,3 %) frå 66,1 mill. kroner per 31.12.12 til 46,7 mill. kroner per 31.12.13. Ikkje inntektsførte løyvingar og bidrag er 10,974 mill. kroner per 31.12.13, mot 3,385 mill. kroner per 31.12.12 (224 %).

Følgjande tabell syner utviklinga i avsetjingar for perioden 2006-2013 (tal i mill. kroner):

	31.12.06	31.12.07	31.12.08	31.12.09	31.12.10	31.12.11	31.12.12	31.12.13
Ordinær drift	21 852	19 631	19 290	35 269	46 082	47 953	40 804	31 606
Forskarutdanning	9 412	12 259	14 298	11 796	14 507	19 672	15 742	13 924
Investeringar	8 241	12 174	2 804	2 580	1 999	461	6 289	1 521
Delsum Kunnskapsdepartementet	39 505	44 064	36 392	49 645	62 588	68 086	62 835	47 052
Andre departement og statlege etatar			30					
Noregs forskingsråd	4 377	4 840	3 331	1 907	3 389	4 040	3 242	

Regionale forskingsfond						-287	-24	
Sum departement og statlege etatar	43 882	48 904	39 753	51 552	65 977	71 839	66 053	47 052
Statsinterne feriepengeforpliktingar								-342
Sum avsett del av tilskot til statleg finansiert aktivitet	43 882	48 904	39 753	51 552	65 977	71 839	66 053	46 710

Budsjettprosessen for 2014 blir oppfatta som god. Plan- og budsjettseminar blei gjennomført i mai 2013. Deretter blei det utarbeidd førebelse rammer for driftseiningane. Etter framlegginga av Prop. 1 S (2012-2013), blei det utarbeidd eit fullstendig budsjettfordelingsframlegg som blei sendt på høyring til driftseiningane. Justert framlegg til budsjettfordeling for 2014 blei fremja på styremøtet i desember 2013. Høgskolen har langtidsbudsjett, sist rullert i styret i desember 2013 for perioden 2015-2019.

Styret meiner at kvaliteten i økonomiforvaltninga er på eit tilfredsstillande nivå. HiT har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen korkje i 2012 eller tidlegare år tilbake til 2003, etter overgangen til nytt rekneskapsprinsipp. Høgskolen gjennomfører jamlege interne økonomiforumsmøte der alle driftseiningane deltek med sikte på å betre økonomiforvaltninga. I tillegg har det vore arrangert egne fagdagar.

Når det gjeld omfanget av bidrags- og oppdragsfinansierte verksemd, blir det vist til verksemdsmål 3.2.

Høgskolen hadde per 31.12.12 ein verksemdskapital på 5,39 mill. kroner før resultatet frå 2013 er lagt til. Medrekna resultatet frå 2013 er verksemdskapitalen på 5,36 mill. kroner. Høgskolen arbeider aktivt for å auke både eksternt finansierte verksemd og tildeling frå Forskringsrådet.

Høgskolen meiner at løyvinga i 2013 er disponert i samsvar med strategiske føringar og politiske styringssignal.

8.1 Styringsparametrar

- Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal ikkje vere over 68 %.*
- Akkumulert rekneskapsmessig mindreforbruk skal reduserast med 10 mil. kroner.*
- Areal per leigefinansierte student skal ikkje vere over 14 m².*
- Begge kjønn skal vere representert i høgskolens leiarstillingar med minimum 40 %.*
- KD: Del mellombels tilsette skal ikkje vere over 0,23.*
- KD: Kvalitativ styringsparameter: Langsiktig økonomisk planlegging.*

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2011	2012	2013	2014
Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader	63,9	65,6	65,1	65,0
Akkumulert rekneskapsmessig mindreforbruk	5,9	-5,8	-19,3	0
Areal per eigenfinansierte student	13,0	11,8	11,7	13
Begge kjønn skal vere representerte i høgskolens leiarstillingar med minimum 40 %	47 %	46 %	49 %	40 %
KD: Del mellombels tilsette	0,23	0,24	0,26	0,24

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) *Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal ikkje vere over 68 %.*

Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader vart 65,1 %. Høgskolen hadde ein betydeleg auke i kostnader til løn i 2012. I 2013 har det lukkast å stabilisere talet på tilsette og dermed lønskostnadene. Høgskolen vil følgje utviklinga vidare, og sikre at lønsdelen ikkje blir for høg.

b) *Akkumulert rekneskapsmessig mindreforbruk skal reduserast med 10 mill. kroner.*

Balanseførte avrekningar er reduserte med 19,3 mill. kroner (-29,3 %) frå 66,1 mill. kroner per 31.12.12 til 46,7 mill. kroner per 31.12.13. Av dette er 7,8 mill. kroner knytt til ombygging på Notodden, som er tatt som ei eingongsinvestering i 2013 i staden for å husleigeberekne ombygginga som tidlegare planlagt. Ambisjonsnivået for 2013 var at avrekningane skulle reduserast med 10,0 mill. kroner i 2013. Høgskolen er nøgd med reduksjonen. Avviket skuldast investeringar som vart betalt direkte framfor å dele beløpet over fleire år gjennom auka husleige.

c) *Areal per eigenfinansiert student skal ikkje vere over 14 m².*

Hausten 2013 hadde høgskolen 6423 eigenfinansierte studentar, opp frå 6 264. Nettoarealet har auka noko, men arealet per student går framleis ned. Det er ennå skilnader mellom dei ulike studiestadene.

d) *Begge kjønn skal vere representert i høgskolens leiarstillingar med minimum 40 %.*

Delen kvinner i leiarstillingar har auka til 49 % i 2013. Kvinner er godt representerte i høgskolens leiarstillingar. Kvinnene er overrepresenterte i mellomleiarstillingane og noko underrepresenterte i den øvste leiinga.

e) *KD: Del mellombels tilsette skal ikkje vere over 0,23.*

Utvikling i prosentdel mellombels tilsette:

	2010	2011	2012	2013
Saksbehandlar- og utgreiingsstillingar - alle	6,6	5,9	8,3	9
Støttestillingar til undervisning (ingeniør og bibliotek)	9,9	5,3	4,7	10
Undervisnings- og forskarstillingar	18,4	17,0	15,6	18

Stipendiatane er ikkje inkluderte i undervisnings- og forskarstillingar i tabellen.

Høgskolen har dei siste åra hatt fokus på talet på mellombels tilsette. I sektoren er det mange ulike heimlar for å tilsetje mellombels, og i nokre kategoriar er det ønskeleg med ein auke (t.d. stipendiatar). Talet på mellombels tilsette totalt har auka noko, og ligg nå på nærare 26 %. Høgskolen har gjennomført ein analyse som syner at auka vikarbruk står for hovuddelen av endringa. Gjennom betre personalplanlegging vil høgskolen freiste å få ned vikarbruken slik at måtalet blir nådd.

f) *KD: Langsiktig økonomisk planlegging.*

I 2008 innførte høgskolen ei ordning med langtidsbudsjett. Det har eit 5-års perspektiv, og blir rullert kvart år. Innanfor økonomiregelverket kan ikkje budsjett for ein langtidsperiode vere bindande, men det gjev likevel høve til meir langsiktig planlegging. Det skal m.a. medverke til å gje høgskolen

- eit grunnlag for langsiktige prioriteringar, og kunnskap om kva dei vil innebere økonomisk, og
- eit grunnlag for å vurdere status for opptrappingsplanen for universitetssatsinga og realismen i den vidare satsinga basert på økonomiske analysar.

I langtidsbudsjettet for 2015 – 2019 som blei vedtatt i desember 2013, er det gjort spesielle vurderingar av venta inntekter frå KD, universitetssatsinga, og planlagde utbyggings- og ombyggingstiltak.

HiT ventar at studiepoengproduksjonen held fram å auke gjennom langtidsperioden, men med lågare vekst og utflåting frå 2016. Auka studenttal ligg til grunn for prognosen. For 2015 er det venta inntektsauke grunna

auka studiepoengproduksjon på 5,0 mill. kroner. I budsjettet for 2016 får høgskolen effekt av at studietilbodet i Drammen blir avvikla. Frå 2016 er det såleis ikkje rekna med vekst i studiepoengproduksjonen.

I den langsiktige økonomiske planlegginga ser høgskolen det som sentralt at studieporteføljen er økonomisk berekraftig over tid. Høgskolen har utarbeidd ein eigen økonomisk modell for kostnadsberekning av studieprogramma. I 2014 vil det bli ferdigstilt ein gjennomgang der kostnader og inntekter blir fordelte på det enkelte studieprogrammet. Det er eit mål å gjere dette regelmessig.

Ei slik overvaking vil kunne gje betre grunnlag m.a. for å vurdere etableringar og nedleggingar av studieprogram og tiltak for å betre lønsemda i studieprogramma (reduksjon av kostnader, marknadsføringstiltak for å auke rekrutteringa m.v.). I tillegg til økonomidata skal ein sjølvstøtt og nytte andre indikatorar i slike vurderingar, som søkjar- og studenttal, studiepoengproduksjon og anna.

Høgskolen har sett i gang fleire nybyggings- og ombyggingsprosjekt. Dei store prosjekta kan anten finansierast over husleiga eller gjennom direkte utbetaling i det året prosjektet blir ferdigstilt. I langtidspanoriet er husleiga lagt på eit stabilt nivå, men det er tatt høgde for årlege avsetjingar på rundt 5,0 mill. kroner til ut- og ombyggingar.

- 9 Verksemdsmål 4.2: Høgskolen i Telemark skal ha høg fagleg kvalitet med høgt kompetente medarbeidarar og sterke robuste fagmiljø, som i aukande grad skal utviklast på tvers av organisatoriske skilje.
- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med si samfunnsrolle.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet).

Høgskolen har i sin personalpolitikk fokus på kompetanse, arbeidsmiljø og likestilling mellom kjønna. Styret har m.a. vedtatt ein ny handlingsplan for likestilling, og det er sett i verk ein handlingsplan for å auke delen vitskapleg tilsette med første- og toppkompetanse. Resultata for 2013 syner at høgskolen har nådd målet sitt når det gjeld prosentdelen kvinner i leiarstillingar, sjølv om det framleis er ein viss ubalanse i dei øvste leiarstillingane. Når det gjeld dei andre styringsparametrane, er resultata noko under det ambisjonsnivået som blei sett for 2013. Det gjeld særleg del første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings- og forskarstillingar, delen av kvinner i desse stillingane og delen mellombels tilsette. Høgskolen ventar at dei handlingsplanane som er sette i verk, vil gje resultat på sikt. Samstundes er den opphavlege ambisjonen for 2014 justert noko ned.

Arbeidet med å skolere leiarane er ført vidare i 2013. Organiseringa av økonomi- og personalfunksjonane ved høgskolen blir nå gått gjennom.

9.1 Styringsparametrar

- a) Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar (eksklusiv stipendiatar) skal vere minst 0,46.
- b) KD: Del kvinner i dosent- og professorstillingar skal vere minst 0,26.
- c) Del av kvinner i første- og toppstillingar (faste tilsette i årsverk) skal vere minst 0,33.
- d) KD: Kvalitativt styringsparameter: Robuste fagmiljø.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2011	2012	2013	2014
a) Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar (eksklusiv stipendiatar)	0,42	0,42	0,43	0,45
b) KD: Del kvinner i dosent- og professorstillingar	0,25	0,24	0,19	0,20
c) Del av kvinner i første- og toppstillingar (fast tilsette i årsverk)	0,30	0,30	0,32	0,33

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) *Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar (eksklusiv stipendiatar) skal vere minst 0,46.*

Som det går fram av tabellen over, har det vore ein svak auke i prosentdelen første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar i 2013, men auken er svakare enn ønskjeleg. 43 % av årsverka i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar er nå utførde av tilsette med første- eller toppkompetanse. Det er vedtatt ein handlingsplan med konkrete tiltak knytte til rekruttering og intern kompetanseheving, som truleg vil gje resultat dei neste åra. Utfordringa er særleg innanfor profesjonsfaga på helse- og sosialfagområdet og innan lærarutdanningane. Høgskolen har sett i verk eit eige program for tilsette innanfor profesjonsfaga som er i kvalifiseringsløp for å skaffe seg førstestillingskompetanse. Talet på tilsette som har fått opprykk til kompetanse på første- eller toppnivå, syner ein vesentleg auke i 2013. Det er grunn til å vente at denne tendensen vil halde fram i 2014. Ved utlysingar av stillingar i 2014 vil ein i regelen søkje etter personar med første- eller toppkompetanse.

b) *KD: Del kvinner i dosent- og professorstillingar skal vere minst 0,26.*

Delen kvinner i dosent- og professorstillingar har gått noko ned det siste året, mens delen kvinner i første- og toppstillingar syner ein auke. Det er grunn til å tru at det er tale om tilfeldige variasjonar.

c) *Del av kvinner i første- og toppstillingar (fast tilsette i årsverk) skal vere minst 0,33.*

Høgskolen ser det som viktig å arbeide systematisk og strukturert for at prosentdelen kvinner i første- og toppstillingar framleis skal auke i åra som kjem. Ny handlingsplan for likestilling i høgskolen, som vart vedtatt av styret i 2013, set fokus på interne opprykk og rekruttering til faglege første- og toppstillingar og leiarstillingar. HiT har etablert ei ordning med førstelektorstipend og eit førstelektorprogram. Likestilling blir vurdert ved tildeling av forskingstid og anna arbeidsplanlegging. Tiltaka ser ut til å ha effekt, og arbeidet vil halde fram.

d) *Robuste fagmiljø.*

Omgrepet ”robuste fagmiljø” har ingen absolutt og eintydig definisjon. Men eit viktig kriterium vil vere i kva grad ein fyller akkrediteringskrava frå NOKUT for master- og doktorgradsområda. Analysen av kompetanse- og stillingsprofilen knytt til alle høgskolens studieprogram opp mot NOKUT-krava vil bli gjennomført i 2014.

Vidare vil HiT til kvar tid følgje opp dei sentrale evalueringane av profesjonsutdanningane, som oftast går grundig inn på ei vurdering av styrkar og veikskapar ved fagmiljøa.

Høgskolen har signert EUs Charter and Code dokument, og har i 2013 gjennomført ein brei prosess for å identifisere område der høgskolen treng å gjere tiltak for å betre arbeidstilhøva for forskarar og rekruttering av fagleg tilsette. Tiltaksplanen blei handsama av styret i februar 2014, og søknad om sertifisering sendes til EU i etterkant av dette. Truleg vil denne prosessen medverke til å skape meir robuste fagmiljø.

Handlingsplanen for å heve delen vitskapeleg tilsette med første- og toppkompetane som vart vedtatt i 2012, vil bli følgt opp også i 2014.

I 2013 vart det tatt initiativ til etablering av forskingsgrupper på tvers av organisasjonsgrensene i HiT. Desse gruppene er tenkt å styrkje faglege nettverk og forskning ved høgskolen, og vil såleis vere eit bidrag til meir robuste fagmiljø.

Det 3-årige samarbeidsprosjektet med UiA har som eit sentralt mål å styrkje fagmiljøa ved begge institusjonane gjennom å etablere konkrete samarbeidsprosjekt og tettare kontakt. Institusjonane har sett av egne midlar for å stimulere til samarbeidstiltak, i tillegg til SAK-midlar tildelte frå KD. Ved årsskiftet 2013/2014 var det gjeve tilskot/tilsegn om tilskot til rundt 60 større og mindre samarbeidsprosjekt. Dersom prosessen fører fram til ein fusjon eller eit tett institusjonalisert samarbeid mellom dei to institusjonane, vil ein hovudmotivasjon vere å skape sterkare og meir berekraftige fagmiljø i fellesskap.

10 Verksemdsmål 4.3: Høgskolen i Telemark skal drive effektiv tenesteproduksjon med høg kvalitet i alle ledd.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med si samfunnsrolle.

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

I 2013 etablerte høgskolen eit servicetorg i Notodden slik at alle dei tre store studiestadene nå er godt tilrettelagde for å gje administrativ service til studentane.

10.1 Styringsparametrar

a) Høvetalet mellom vitskapeleg og administrativt tilsette skal vere 2,40.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2011	2012	2013	2014
Høvetalet mellom vitskapeleg og administrativt tilsette	2,4	2,4	2,5	2,5

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) Høvetalet mellom vitskapeleg og administrativt tilsette skal vere 2,40.

Som det kjem fram av tabellen, er høvetalet mellom vitskapelege og administrativt tilsette uendra frå 2011 til 2012, medan det er ein liten auke i 2013. Ein auke i talet på vitskapeleg tilsette og ein nedgang i talet på administrativt tilsette forklarar endringa. Høgskolen vil følgje med på utviklinga i dette høvetalet for å sikre ein god og formålstenleg balanse mellom administrativt og vitskapeleg tilsette.

2.2 Anna rapportering

2.2.1 Oppfølging etter etatsstyringsmøte

Det blir vist til «*Etatsstyring 2013 – Tilbakemeldinger til Høgskolen i Telemark*», datert 20. juni 2013.

Kommentarar til «Tilbakemelding på profil, prioritering, ambisjoner og utfordringer»

Høgskolen meiner å ha stort fokus på dei områda som har størst risiko for at måla ikkje blir nådde. Det er etablert ei rad tiltak i 2014. Nokre dømme:

- For å auke del første- og toppkompetansen er det arbeidd ut ein eigen tiltaksplan.
- For å auke ekstern finansiering av forskning er det arbeidd ut ein eigen tiltaksplan. M.a. er det sett i gang ein prosess for å etablere forskargrupper. Auka ekstern finansiering er sentralt både for å sikre auka forskingsproduksjon og for å sikre kravet på 15 stipendiatar per doktorgradsprogram.
- HiT har sett i verk ei større satsing innan e-læring, med hovudfokus på auka undervisningskvalitet.

Kommentarar til «Tilbakemelding på mål og resultater»

I årsplanen for 2014 er det ført opp følgjande tiltak;

- Kartleggje samanhangen mellom inntaks- og resultat kvalitet, avgrensa til bachelorgradsprogram.
- Analysere karakterfordelinga og m.a. vurdere endringar i bruken av ekstern sensor.

I samband med desse tiltaka set høgskolen nå ned ei arbeidsgruppe som m.a. skal vurdere kvalitetshevande tiltak knytt til utdanning. Eit av måla er å auke gjennomføringsgraden også i bachelorgradsutdanningane. Når resultatane frå arbeidsgruppa er klare, vil høgskolen òg vurdere å fastsetje meir ambisiøse resultatkrav for gjennomføringsgrad og studieproduksjon.

Høgskolen er svært godt nøgd med styrkinga av grunnskolelærerutdanninga (GLU) gjennom kategoriendring i finansieringssystemet. Høgskolens GLU blir følgd nøye, og kvaliteten blir målt gjennom dei standardiserte styringsparametranne i sektoren.

Høgskolens internasjonaliseringmelding er noko forsinka, og blir slutført i 2014. Høgskolen har hatt ein monaleg auke i utreisande utvekslingsstudentar frå 2012 til 2013, og vil jobbe vidare med tiltak for å auke talet. Særleg trengst tiltak for å få fleire utreisande utvekslingsstudentar.

Utviklinga innan publiseringverksemda er god, og høgskolen auka talet på publiseringspoeng ytterlegare frå 2012 til 2013. Høgskolen har som mål å oppnå auka publisering per undervisnings- og forskarstilling i samsvar med KDs forventningar.

RSA-arbeidet er i prosess. Det er gjort ei kartlegging av kontakt- og samarbeidsrelasjonar mellom institusjonane og omverda, og det har blitt gjennomført to møte 2013. I tillegg er eksterne deltakarar i RSA-arbeidet trekte inn i ulike samanhengar i utgreiingsprosessen UiA/HiT. Det er ennå ikkje utarbeidd ein eigen strategisk plan for RSA-arbeidet. Dette er utsett inntil fusjonsspørsmålet er avklart i juni 2014. Utfallet her vil vere av vesentleg betydning for om det framleis skal vere eit felles RSA for dei tre fylka.

KD ber høgskolen vurdere å konkretisere tiltak for auka BOA. For å auka BOA-inntektene er det som nemnt utarbeidd ein tiltaksplan, og det er sett i gang ein prosess for å etablere forskargrupper.

KD oppfordrar òg høgskolen til å vere merksam på utviklinga i lønskostnader og i husleigeutgifter. Høgskolen meiner å ha kontroll på dette og på den langsiktige budsjettsituasjonen. Del lønskostnader er redusert frå 2012 til 2013. I langtidsbudsjettet for 2015-2019 er det ikkje lagt inn vesentlege midlar til nye satsingar. Det var ein vesentleg auke i årsverk frå 2011 til 2012, medan auken frå 2012 til 2013 var beskjeden. Det er òg gjort interne grep for dei driftseiningane som har hatt ein større auke i årsverk dei siste åra.

Kommentarar til «Øvrige tilbakemeldinger»

Mellombels tilsetjing

I sektoren er det mange ulike heimlar for å tilsetje mellombels, og det er ønskeleg med auke i nokre av desse kategoriane (t.d. stipendiatar). Talet på mellombels tilsette ved HiT samla har auka noko, og ligg nå på nærare 26 %. Høgskolen har gjennomført ein analyse for å sjå nærare på denne utviklinga. Mellombels tilsette var per 01.01.13 ca. 153 årsverk. Av desse utgjorde «ønskelege årsverk» ca. 93,5. Det er årsverk knytte til åremålstilsette leiarar, stipendiatar, bistillingar, lærlingar og oppdragsstillingar, altså stillingar som i sin natur er tidsavgrensa. Dei andre mellombels tilsette er m.a. vikarar, og det er spesielt her det har auka. Høgskolen vil prøve å få ned vikarbruken gjennom betre personalplanlegging.

Arbeidstid og bierverv

Høgskolen har eigne retningslinjer for privat ervervsverksemd og bierverv. Høgskolen har òg oppdatert oversyn over tilsette som har bierverv.

2.2.2 Aktivitetskrav til helseutdanningane og opptak til lærarutdanningane

Aktivitetskravet for HiT gjeld bachelorgradsstudia i sjukepleie og vernepleie, og var for studieåret 2012-2013 høvesvis 136 og 25. Kravet er oppfylt med høvesvis 153 og 43. Vernepleie deltid har opptak annakvart år og hadde såleis ikkje produksjon første året 2012-2013.

HiT held oppe talet på studieplassar som blir tilbodne innan GLU i 2014. Høgskolen hadde ein auke i talet på GLU-studentar frå 177 i 2012 til 199 i 2013. Alle studietilboda innan GLU og faglærarutdanningane er full- eller overbooka i 2013.

2.2.3 SAK

HiT starta i 2011 opp eit samarbeidsprosjekt med UiA. Hovudmålet med prosjektet er å greie ut grunnlaget for nærare institusjonelt samarbeid eller fusjon. Som ein del av prosessen er det sett i gang om lag 60 administrative og faglege samarbeidsprosjekt. Institusjonane har sett av eigne midlar til desse prosjekta i tillegg til SAK-midlar frå departementet (UiA rapporterer for desse midlane). Prosjektet blir avslutta våren 2014. I 2013 blei det frå HiTs side løyvd 2 mill. kroner.

HiT har samarbeid med UiA om forskning, undervisning og prosjekt. Det er brukt mykje tid og ressursar på forskarskole for ph.d.-studentar, men det er dessverre ikkje blitt tildelt midlar frå NFR til dette formålet. Å etablere og utvikle fleksible studium er eit godt verkemiddel for samarbeid og arbeidsdeling. HiT og UiA har i dag samarbeid når det gjelder digital eksamen og forskarskole. Potensielle prosjekt som er diskuterte er til dømes:

- utvikling av felles mastergrad i byggfag
- felles valfag
- felles kurs i matematikk III

Desse prosjekta kan vere springbrett for vidare satsing på digitale verktøy og læringsplattformer, samstundes som dei kan skape grunnlag for ytterlegare samarbeidsområde. Auka kompetanse innanfor IKT-støtta læring vil vere nyttig for å tilby spesialiserte kurs med få deltakarar til ei større gruppe.

HiT har samarbeidsavtaler om mastergradsutdanning støtta av SiU med fleire internasjonale universitet.

Våren 2012 blei det etablert eit samarbeid mellom Ansgarskolen, Mediehøgskolen, HiT og Universitetet i Agder om temaet digital eksamen. I er det i all hovudsak skriftlege skoleeksamenar utan bruk av digitale hjelpemiddel. Digital innlevering blir bruka i nokon grad. Målet med arbeidet er å få eit godt overblikk over moglegheiter og begrensingar knytte til digital eksamen, og å korleis ein skal arbeide vidare internt for å stimulere og leggje til rette for auka digitalisering.

2.2.4 SAK i ingeniørutdanninga

HiT v/Fakultet for teknologiske fag samarbeider med UiA om prosjekt innanfor elkraftteknikk, ingeniørdidaktikk, fornybar energi (bioenergi og forbrenning), bygg og energifangst. Fakultetet har også ei rad samarbeidsprosjekt med næringslivet i regionen.

HiT samarbeider med fleire universitet og høgskolar om ein felles forskarskole i teknologi. Ein av aktivitetane vil vere å tilby felles kurs på doktorgradsnivå.

HiT planlegger med å starte fleksibel mastergradsutdanning hausten 2015. Høgskolen har fått kr 800 000 fordelt over 3 år frå Noregsuniversitetet. Det er planlagt nettundervisning kombinert med samlingar. Studiet er eit tilbod til ingeniørar som arbeider offshore eller har ein livssituasjon som gjer det vanskeleg å studere på heiltid, eller som ikkje har høve til å flytte til Telemark. Prosjektet vil gje kompetanse og infrastruktur som kan knytast til samarbeid om fleksibel utdanning med andre i UH-sektoren og med internasjonale samarbeidspartnarar.

2.2.5 Barnehagelærerutdanning

Rapport for ny barnehagelærerutdanning følgjer i vedlegg 3.

2.2.6 Universell tilrettelegging

Styret fastsette i desember 2008 ein handlingsplan for perioden 2009-2014 for studentar med nedsett funksjonsevne. Høgskolen har etablert ei gruppe med kontaktpersonar for desse studentane. Gruppa skal mellom anna sjå på universelle løysingar på tvers i organisasjonen. Statsbygg har utarbeidd handlingsplanar for studiestadene Bø, Notodden og Porsgrunn på bakgrunn av konsulentrapportar. For studiestad Bø blei alle punkta i planen gjennomførde i 2012, og tilsvarende for Notodden i 2013. For studiestad Porsgrunn vil tiltaka bli realiserte i 2014. Dei største utfordringane er å få etablert universelle løysingar og dermed redusere behovet for individuell tilpassing.

2.2.7 Studentkapasitet

HiT har dei siste åra hatt ei god utvikling i søkninga til studia. Veksten i talet på primærsøklarar til HiT har ligge høgare enn gjennomsnittet for sektoren. Når det gjeld gjennomføringsgrad i høve til utdanningsplan, viser tala frå DBH at HiT gjennom mange år har ligge over gjennomsnittet for sektoren. For 2013 viser tala for HiT ein auke på 6,8 %, medan auken for sektoren totalt var på 1,2 %.

Telemark er eit fylke i omstilling. Næringslivet er i ei industriell omstilling frå storindustri til meir variert leverandørindustri. Framleis har Telemark mindre breidd i næringslivet og færre statlege arbeidsplassar enn samanliknbare fylke. Dette har ført til låg befolkningsvekst og høgare arbeidsløyse. Samstundes går det fram m.a. av NAVs statistikkar at regionen har ein betydeleg trong for å få tilført kompetanse, og at Telemark er blant fylka i landet med lågast del innbyggjarar med høgare utdanning. HiT er ein høgskole i god utvikling. Om høgskolen hadde fått tildelt basisfinansierte studieplassar med tilhøyrande opptrapping slik andre nærliggande høgskolar har fått, ville høgskolen, og ikkje minst regionen, ha fått ei sårt tiltrengt investering i kompetanse.

Nedanfor følgjer nærare grunngjeving av framlegget om å trappe opp studieplasskapasiteten. Det elektroniske kartleggingsskjemaet *Skjema for studentkapasitet til Rapport og planer (2013-2014)* følgjer i vedlegg 2, og vert òg sendt elektronisk til KD.

Styret vil presisere at kapasiteten kan aukast på kort sikt, dvs. frå og med hausten 2014, for heile høgskolens innspel under dette punktet.

Ingeniørutdanning

HiT hadde til og med studieåret 2000/2001 eit samla måltal på 170 studieplassar for opptak til ingeniørutdanning. Frå og med studieåret 2001/2002 blei måltalet redusert med 20 studieplassar til 150 studieplassar. Ytterlegare 30 studieplassar blei inndregne frå og med studieåret 2002/2003. Dette inneber at

HiTs opptaksmåltal til ingeniørutdanning frå 2002 og til 2009 har vore på 120 studieplassar. Grunngevinga for å dra inn så vidt mange studieplassar var at høgskolen hadde noko svak rekruttering til ingeniørutdanning den gongen. Frå 2009 fekk HiT tilført basisfinansiering for totalt 20 nye studieplassar, der 10 er på masternivå og 10 er på bachelorgradsnivå, og ytterlegare 5 nye studieplassar i revidert nasjonalbudsjett for 2012. I tillegg er det tilført 20 studieplassar som kompensasjon for at studieplassar i barnehagelærarutdanninga er overførde frå HiT til HVB.

For å styrkje studentrekrutteringa til ingeniørutdanning har HiT sett i verk ulike tiltak. Der er spesielt grunn til å nemne forsøksordninga for opptak til ingeniørutdanning for søkjarar med fagbrev frå yrkesfagleg studieretning i elektrofag i vidaregåande opplæring til 3-årig ingeniørutdanning (Y-veien), som høgskolen første gong fekk godkjent for opptaket til studieåret 2002/2003. Som departementet er kjent med, har evalueringar vist at søkinga til forsøksordninga har vore god, gjennomstrøyinga høg, og resultatata for denne studentgruppa like bra eller betre enn for andre grupper ingeniørstudentar. Dette var grunnlaget for KDs tildeling av Utdanningskvalitetsprisen for 2008 til HiT.

Etter at Forskrift om opptak til universiteter og høgskolar (§3-3) opna for at søkjarar med fagbrev også frå andre yrkesfaglege studieretningar enn elektrofag frå og med studieåret 2007/2008 kan søkje om opptak til ingeniørutdanning gjennom Y-veien, har HiT frå og med hausten 2007 tatt opp slike søkjarar til ingeniørutdanning innan studieretningane allmenn bygg, gass- og energiteknologi og maskinteknisk design.

Samla søkning og opptak til høgskolens ingeniørutdanning er m.a. på denne bakgrunnen styrkt vesentleg dei seinaste åra. Utviklinga har vore slik sidan 2002 (registrerte ingeniørstudentar på første årstrinn per 1. oktober): 158 (2002), 155 (2003), 131 (2004), 144 (2005), 163 (2006), 190 (2007), 167 (2008), 198 (2009), 192 (2010), 196 (2011), 228 (2012) og 194 (2013). Som oversynet viser, ligg talet på opptatte studentar til ingeniørutdanning dei seinare åra monaleg over det talet på studieplassar som høgskolen har hatt til rådvelde. I den samanhengen er det grunn til å nemne at eit betydeleg tal kvalifiserte søkjarar til ingeniørutdanning gjennom Y-veien ikkje har blitt tatt opp på grunn av for få tilgjengelege studieplassar.

Det bør også nemnast at HiTs ingeniørutdanning kjem godt ut av NOKUTs evaluering av ingeniørutdanningane i Noreg.

HiT gjer framlegg om auka basisfinansiering for ytterlegare 40 studieplassar til ingeniørutdanning som varig auka opptakskapasitet.

Økonomisk-/administrativ utdanning

Talet på søkjarar og på registrerte studentar har auka vesentleg innanfor økonomisk-/administrativ utdanning i perioden 2003-2013. Utviklinga i registrerte studentar per 1. oktober for 1. årstrinn i økonomisk-/administrativ utdanning for perioden 2003-2013 er slik:

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Årsstudium i økonomi og administrasjon (Bø)	25	21	20	14	27	22	25	35	37	25	36
Årsstudium i økonomi og administrasjon (Porsgrunn)			37	49	46	48	60	55	62	58	67
Kandidatstudium i økonomi og administrasjon	31	23	10	11	8	8	8	20	8	14	2
Bachelor i økonomi og administrasjon	18	27	27	31	25	43	49	50	80	98	74
Bachelor i revisjon	28	36	35	17	22	10	26	22	29	27	37
Bachelor i reiseliv	21	30	27	16	27	17	18	16	14	19	15
Bachelor i Internasjonal marknadsføring	21	12	22	15	26	26	30	24	26	27	33
Bachelor i Innovasjon og entreprenørskap				17	9	7	7	26	20	21	17
Bachelor i					38	42	35	34	55	43	50

eigedomsmekling											
SUM	144	149	178	170	228	223	250	282	331	332	331

Tabellen syner at det har vore solid vekst i studentmassa som vel å ta ei økonomisk/ administrativ utdanning ved HiT. Basisen i alle studia som er nemnde over, er dei generelle økonomisk-/administrative faga som inngår i bachelorgradsstudiet i økonomi og administrasjon. Dette studiet er i samsvar med Nasjonalt Råd for Økonomisk Utdanning sin plan for økonomisk- og administrativ utdanning.

Prognosar frå NIBOR og SSB tilseier at behovet for økonomisk-/administrativ utdanning vil auke vesentleg fram mot år 2025, der venta reell auke i etterspurnaden etter arbeidstakarar med slik utdanning ligg høgast saman med helse-, sosial- og idrettsfag. HiT har som mål å halde oppe høge studenttal på desse fagområda for å dekkje utdanningsbehovet i framtida.

På bakgrunn av at talet på søkjarar og på registrerte studentar har auka vesentleg innanfor økonomisk-/administrativ utdanning i perioden 2003-2013, foreslår HiT at det blir tilført basisfinansiering for minst 15 nye studieplassar som varig auka opptakskapasitet.

Helse- og sosialfagleg utdanning

Tabellen under viser førsteprioritets-søkjarar til nokre av høgskolens helse- og sosialfaglege utdanningar dei siste åra. Som det går fram, har høgskolen dei siste åra opplevd ein stor auke i talet på førsteprioritets-søkjarar til nokre av utdanningsprogramma i helse- og sosialfag:

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Vernepleiar, heiltid	84	109	79	88	116	143	134
Vernepleiar, deltid	120		82		96		104
Sjukepleiar, heiltid	187	207	224	205	214	219	242
Sjukepleiar, deltid	139	137	164	142	134	144	143

Prognosar frå SSB og stortingsmelding nr. 13 (2011-2012) viser at det er behov for å auke rekrutteringa av helse- og sosialpersonell for å møte omsorgsbehovet i befolkninga i framtida. Det er også behov for å heve kompetansen i denne sektoren, og å syte for at fleire av dei ufaglærte får formell kompetanse for å gje dei helse- og omsorgstenestene dei er sette til å utføre.

I tillegg treng sektoren stadig vidareutdanningar for å stette kompetansebehovet. Samhandlingsreforma fører med seg eit betydeleg behov for auka kompetanse utanfor spesialisthelsetenestene og i dei kommunale helse- og sosialtenestene. HiT har i ei tid gjennom ei modulbasert deltidsutdanning i vernepleie medverka til å dekke dette behovet ved at personar som har jobba som ufaglærte, har fått profesjonsutdanning som vernepleiarar basert på realkompetanse som opptakskrav. Det er stort press på desse utdanningane, og kommunane i regionen etterspør større kapasitet. Høgskolen ønskjer derfor å auke talet på studentar i deltidsutdanning i vernepleie med 15 studieplassar i komande år.

Høgskolen ønskjer òg å auke helsesøsterutdanninga med 15 nye studieplassar. HiTs sjukepleiarutdanning er svært ettertrakta og har lange ventelister. Talet på søkjarar har vore stabilt høgt. Mange godt kvalifiserte søkjarar har derfor blitt avviste.

På denne bakgrunnen gjer HiT framlegg om at det blir tilført basisfinansiering for totalt 30 nye studieplassar som varig auka opptakskapasitet innan helse- og sosialfagleg utdanning.

Barnehagelærerutdanninga

Det er framleis stort behov for barnehagelærerar i vår region. Høgskolen ser det som ein viktig del av samfunnsoppdraget å medverke til å dekkje dette behovet, men også å kunne vere med på å dekkje noko av behovet i andre distrikt gjennom nett- og samlingsbaserte studietilbod. Gjennomstrøyminga i førskolelærerutdanninga har vore stabilt høg dei siste åra. Det er mange studentar som er i ein livssituasjon som gjer at de anten vel deltidsstudiar eller nettbaserte tilbod.

På denne bakgrunnen gjer HiT framlegg om at det blir tilført basisfinansiering for totalt 35 nye studieplassar som varig auka opptakskapasitet.

Grunnskolelærerutdanning og PPU

I mange år framover vil det vere eit auka behov for lærarar. Høgskolen ønskjer å medverke sterkare til å stette behovet både innan grunnskolelærerutdanningane og gjennom praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) av personar med anna universitet- eller høgskoleutdanning. Høgskolen yter eit bidrag både gjennom ordinære campusbaserte studietilbod og gjennom nett- og samlingsbaserte tilbod. Nett- og samlingsbaserte studietilbod er tilgjengelege for personar frå heile landet som av ulike årsaker ikkje kan eller ønskjer å byrje ved høgskolen som ordinære studentar.

Høgskolen driv også ei stor verksemd innan etter- og vidareutdanning av lærarar. Også her er det campusbaserte og nett- og samlingsbaserte studietilbod.

På denne bakgrunnen gjer HiT framlegg om at det blir tilført basisfinansiering for totalt 25 nye studieplassar som varig auka opptakskapasitet for grunnskolelærerutdanninga, og totalt 30 nye studieplassar som varig auka opptakskapasitet for PPU.

Eigedomsmeklarutdanning

HiTs eigedomsmeklarutdanning er svært ettertrakta og har lange ventelister. Talet på søkjarar har vore høgt over tid, og mange godt kvalifiserte søkjarar har derfor blitt avviste. På denne bakgrunnen foreslår HiT at det blir tilført basisfinansiering for totalt 10 nye studieplassar som varig auka opptakskapasitet for eigedomsmeklarutdanning.

Mastergradsstudium

HiTs mastergradsstudium i Natur, helse og miljøvern, Kulturstudier og Kroppsøving, idrett og friluftsliv har godt med søkjarar, og kan ta opp fleire studentar. På denne bakgrunnen gjer HiT framlegg om at det blir tilført basisfinansiering for totalt 15 nye studieplassar som varig auka opptakskapasitet fordelt med 5 studieplassar på kvar av desse tre mastergradsutdanningane.

2.2.8 Midlar tildelte over kap. 281

Høgskolen viser til tildeling på 300 000 kroner frå KD i tildelingsbrevet for 2013, datert 19.12.12, som gjeld midlar til intensivordning for kvinner i MNT-fag. Beløpet er fordelt vidare internt til Fakultet for teknologiske fag. Midlane gjekk til innkjøp av programvare og lisensar av Barracuda VR Series 15 Software, som hovudsakleg blir nytta innanfor fagfeltet til ein nyttilsett kvinneleg professor. Totalkostnaden var kr 331 511, og resten blei dekt av fakultetet. HiT meiner såleis at midlane er nytta i samsvar med føresetnadene i tildelingsbrevet.

Høgskolen viser til tildeling på 150 000 kroner i brev frå KD datert 30.08.13, som gjeld utdanning av rettleiarar for nyutdanna lærarar i barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring. HiT stadfestar at midlane er nytta i samsvar med føresetnadene i tildelingsbrevet. Høgskolen er i gang med å utdanne 65 rettleiarar på Praktisk rettleiing 15 studiepoeng (emne 1) og 15 rettleiarar på Rettleiing, profesjon og organisasjon 15 studiepoeng (emne 2). Det meste av midlane har gått til løn for faglege tilsette, og noko til løn for administrativt personale.

Høgskolen viser også til tildeling på 3,5 mill. kroner frå KD datert 14.10.13, som gjeld midlar til kvalitetsutvikling og omstilling i profilerte studieprogram. Midlane er tildelte på kap. 260, men blir tatt med under dette punktet. Midlane er per 31.12.13 ikkje nytta, men vil bli disponerte i 2014 i samsvar med formålet.

2.2.9 Rapportering på likestilling

Det blir rapportert basert på rettleiing frå Universitets- og høgskolerådet.

Tabellen under viser kjønnsbalansen totalt i institusjonen og på fakultetsnivå fordelt på stillingskategoriar:

Stillingsgrupper	2011		2012		2013	
	Årsverk totalt	% kvinner	Årsverk totalt	% kvinner	Årsverk totalt	% kvinner
Administrative stillingar	143,9	69	152,8	70	150,8	69
Andre stillingar (lærlingar)	5,0	40	5,0	60	4,0	-
Drifts- og vedlikehaldsstillingar	16,9	57	18,2	58	16,7	54
Støttestillingar for undervisning	45,3	32	47,3	32	47	28
Undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar	353,3	49	375,8	48	384,9	50
Totalt	564,4	52	599,1	53	603,4	53
Driftseiningar						
Fakultet for allmennvitskaplege fag	118,7	39	137,3	40	135,3	40
Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning	165,5	61	172,7	62	180,2	64
Fakultet for helse- og sosialfag	84,4	79	85,6	78	90,6	76
Fakultet for teknologiske fag	84,9	24	87,0	24	80,6	22
Biblioteket	16,9	82	17,5	81	17	79
Driftstenesta	34,9	56	35,5	61	32,8	56
Fellesadministrasjonen	39,5	65	41,4	66	42	67
IT-tenesta	19,6	10	22,1	14	26,1	10
Totalt	564,4	52	599,1	53	603,4	53

Faktiske årsverk og del kvinner i prosent per 01.10.13.

Talet på administrative stillingar femner om kontorstillingar, saksbehandlarstillingar og leiarstillingar. I talet på drifts- og vedlikehaldsstillingar er reinhalds- og vaktmeisterstillingar med. Støttestillingar for undervisning er ingeniørstillingar og bibliotekstillingar. Undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar (UFF) omfattar alle vitskapleg tilsette inkl. rekrutteringsstillingane. Andre stillingar gjeld for tida berre lærlingar.

Den totale prosentdelen kvinner ved høgskolen er stabil frå 2012 til 2013. Tabellen viser at det er skeiv kjønnsfordeling ved nokre driftseiningar og fakultet.

Tabellen under viser gjennomsnittsløn totalt og i ulike stillingsgrupper:

	Kvinner	Menn	Totalt	Løn kvinner i % av menn	
				2012	2013
Alle tilsette	487 300	533 100	508 900	91	91
Undervisnings- og forskingspersonale	513 100	546 500	529 900	95	94
Teknisk-administrativt personale	448 200	504 200	471 500	88	89
Leiarstillingar	647 000	734 600	692 300	88	88
Professor	655 600	668 900	667 200	102	98
Førsteamanuensis	557 400	553 600	555 200	101	101
Førstelektor	563 800	568 300	566 900	98	99
Høgskolelektor	508 400	520 100	513 000	98	98
Saksbehandlarar	420 600	463 800	430 500	91	91
Bibliotekstillingar	448 000	460 000	450 200	98	97
Ingeniørstillingar	438 500	435 700	436 000	96	101
Reinhald/drift	337 300	366 200	351 800	95	92

Gjennomsnittsløn for kvinner og menn i eit utval stillingsgrupper per 01.10.13.

For undervisnings- og forskingspersonalet totalt sett viser oversynet at kvinner har lågare gjennomsnittsløn enn menn. Dette kjem i hovudsak av at det er flest kvinner i dei lågare stillingsgruppene. I stillingsgruppene førsteamanuensis viser tala derimot at kvinner har noko høgare gjennomsnittsløn enn menn.

Kvinnelege leiarar har lågare gjennomsnittsløn enn menn, nærare bestemt 88 % av menns gjennomsnittsløn. Noko av dette kan forklarast med at det er færre kvinner i dei øvste leiarstillingane.

Også i saksbehandlargruppa og blant teknisk-administrativt personale er det lønsskilnad mellom kvinner og menn. Dette kan i hovudsak forklarast med at ein stor del av kvinnene er innplasserte i dei lågaste saksbehandlarkodane.

Samla sett må ein konkludere med at HiT framleis har ei utfordring knytt til likeløn.

Tabellen under viser kjønnsdelt statistikk over arbeidstid, heiltid og deltid:

	Kvinner		Menn		Totalt	
	2012	2013	2012	2013	2012	2013
Heiltidstilsette	253	242	257	249	510	491
Deltidstilsette	113	142	64	82	177	224

Det har vore ein markert auke i talet på deltidstilsette frå 2012 til 2013 både blant menn og kvinner, og framleis er delen kvinner som går i deltidsstilling, høgare enn for menn. Tendensen er den same både innan teknisk-administrative stillingar og blant vitenskapleg personell.

Ein nærare analyse av desse tala syner at ein stor del av dei som arbeider deltid, har delvis uførepensjon, arbeidsavklaringspengar, alderspensjon eller omsorgs- eller anna permisjon. I eit inkluderande arbeidslivsperspektiv kan dette sjåast som ei positiv trend. Noko av auken kan ha kome som følge av ein generell auke i snittalderen ved høgskolen. Det er grunn til å tru at dei fleste som arbeider deltid, gjer det frivillig. Unntak kan vere vikarar som vert tilsette på deltid. Når det vert gjeve delvis permisjon til ein tilsett, vil dette i praksis gje dobbelt effekt ved at det også vert tatt inn ein vikar på deltid.

Tabellen nedanfor viser kjønnsfordelinga for heiltids- og deltidstilsette ved kvar driftseining:

Driftseiningar	Heiltid		Deltid		Totalt
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	
Fakultet for allmennvitenskaplege fag	42	67	25	27	161
Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning	85	55	58	25	223
Fakultet for helse- og sosialfag	58	19	21	7	105
Fakultet for teknologiske fag	17	60	2	9	88
Biblioteket	9	3	10	1	23
Driftstenesta	7	10	17	8	42
IT-tenesta	2	22	1	3	28
Fellesadministrasjonen	22	13	8	2	45
Sum HiT	242	249	142	82	715

Kjønnsfordeling for heiltids- og deltidstilsette per 01.10.13.

Ved Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning og Fakultet for helse- og sosialfag er det fleire kvinner som jobbar deltid enn menn, men dette kan skuldast at fakulteta har ei overvekt av kvinnelege tilsette. Det er fleire kvinnelege deltidstilsette ved Biblioteket, Driftstenesta og Fellesadministrasjonen.

Kjønnsdelt statistikk over sjukefråvær

Utviklinga i sjukefråværet totalt og for høvesvis kvinner og menn:

	2010	2011	2012	2013
Menn	2,0	2,6	2,7	2,9
Kvinner	5,4	4,7	5,8	6,5
Totalt	3,8	3,7	4,3	4,8

Kjønnsdelt statistikk over personalpolitiske satsingar

Høgskolen har innført ei ordning for kvalifisering til førstelektoropprykk. I 2013 vart det delt ut kr 336 000.- til dette formålet. 13 av 15 tilsette som fekk støtte gjennom denne ordninga i 2013, var kvinner.

Høgskolens program for kvalifisering til førstestillingsopprykk, FRAMover, hadde ved årsskiftet 20 deltakarar, og 90 % av dei var kvinner.

Høgskolen har også ei ordning for studiepermisjon for teknisk-administrativt tilsette. Ordninga gjev høve til å søkje permisjon med løn både for å gjennomføre utdanning som gjev auka formell kompetanse på høgskole-/universitetsnivå, og for å drive utviklingsarbeid og anna verksemd som byggjer opp kompetansen. Det er i 2013 sett av 340 000 kroner til ordninga. Av 8 søkjarar var 6 kvinner og 2 menn, og av dei 4 som fekk stipend, var 3 kvinner og 1 mann.

2.2.10 Større investeringsprosjekt

Utvidinga av biblioteket ved studiestad Porsgrunn med om lag 300 m² sto ferdig rett før jul 2013. Det store auditoriet med eit bruttoareal på om lag 710 m² og tilhøyrande kafé er ferdig ultimo april 2014. Den nye kroa i Bø blei tatt i bruk i november 2013 og fungerer veldig bra.

Høgskolen registrerer at auka tal på studentar fører til press på byggressursane. I 2013 er det gjennomført to mindre ombyggingar i Bø og på Notodden for å tilpasse bygga til behovet.

2.2.11 Eigarskap i aksjeselskap

Høgskolen hadde eigarinteresse i berre eitt aksjeselskap per 31.12.13.

Eigarinteressa er i selskapet Industriinkubatoren Proventia AS. Selskapet blei stifta 15.03.13, og har ein samla aksjekapital på kr 860 000 fordelt på 860 aksjar kvar pålydande kr 1 000. I tillegg er det innbetalt kr 4 000 per aksje til overkursfond, totalt kr 3 440 000. Staten ved HiT eig per 31. desember 2013 60 aksjar, noko som utgjer 7 % av samla aksjekapital. Selskapet skal gjennom aktiv bruk av kompetanse, ressursar og nettverk bidra til nyskaping, bedriftsetablering, utvikling av næringsliv og vekst i regionen. Det har kome tydelege signal frå KD om å styrkje samarbeidet mellom høgskolen, offentleg sektor og næringslivet, og det er viktig for høgskolen å tydeleggjere relevans og verdiskaping. I tilknytning til dette må høgskolen i aukande grad bidra i felles samarbeidsprosjekt og aktivitetar. Etableringa av ein felles inkubator på Herøya for å identifisere, utvikle og kommersialisere gode idear til nye vekstbedrifter i hele Telemark er eit godt grep i denne samanhengen, der m.a. forskning og idear frå egne tilsette og studentverksemder kan utviklast i inkubatoren. Eigarskapet i inkubatoren vil derfor vere av fagleg interesse for høgskolen.

2.2.12 Tryggleik og beredskap

I 2012 vart det gjennomført ein omfattande revisjon av nåverande beredskapsplan for høgskolen. Det blei gjort ein analyse av risiko og sårbarheit, vurdering av grunnsikringa, evakueringsrutinar og planar for alternativ lokalisering, varslingsrutinar og oppfølging av tilsette og studentar. Beredskapsplanen vart gjennomgått med Telemark Politidistrikt i møte 21.01.13. Planen inneheld følgjande krisescenario basert på ein analyse av sannsynlege risiki og moglege konsekvensar: Brann, kriminelle handlingar ved HiT, sakna personar som gjeld studentar eller tilsette ved HiT, samanbrot i HiTs IT-system, alvorleg sjukdom hos tilsette

og studentar, skyteepisodar, bombetrustrar, krise i utlandet og gasseksplasjon/lekkasje ved Herøya i Porsgrunn. Det er utarbeidd særlege rutinar når det gjeld studentar på utanlandsopphald. Det ligg inne førebyggjande og beredskapsmessige tiltak for å handtere kritiske situasjonar, m.a. ansvars- og rolleavklaring, leiing og krisestab, kartlegging, planlegging, dokumentasjon, etterarbeid som debriefing, opplæring og øvingar. Planen er eit eigna verktøy for førebuingar, reiskap for bruk i ein akutt krisesituasjon, og for etterarbeidet som følgjer av ei krise.

Alle leiarar fekk i 2013 ei innføring i beredskapsplanen, og opplæring er også gjeve til nøkkelpersonar innan drift og service. Det vart halde ei kriseøving i mars 2013 på institusjonsnivå med eksterne og interne observatørar. Høgskolen vil gjere ein ny analyse av risiko og sårbarheit i 2014 i samsvar med krav om å gjere dette annakvart år.

Høgskolen har ein eigen policy for informasjonstryggleik, vedtatt av styret. Høgskolen har arbeidd mykje med dette i 2013, internt og ved å følgje opp arbeidet i Uninetts sekretariat for informasjonstryggleik:

Informasjonstryggleiken på utvalde tenester er risikovurdert i samarbeid med Uninett.

Det er etablert ein teknisk tenesteporfølje for IT-tenestene, inkludert ansvarsfordeling på personnivå. Dette vil strukturere IT-tenesta sitt arbeid med m.a. brukarstøtte, endringar og dokumentasjon.

Ein endringsprosess er under utforming. Endringskoordinator(ar) blei peika ut i 2012, og verktøy er i pilot.

Det er peika ut ein CSO for HiT og ein IT-tryggleikskoordinator ved IT-tenesta.

HiT har p.t. ikkje innført eit heilskapleg styringssystem for informasjonstryggleik. Under leiing av CSO blir det arbeidd med å få på plass eit slikt system i løpet av 2014. Det blir dialog kring dette både med Uninetts sekretariat og med SERIT ved UiO. Ein revisjon av høgskolens policy for informasjonstryggleik blir gjort i samanheng med dette.

Høgskolen arbeider på ulike plan med å følgje opp tilrådingane frå 22. juli-kommisjonen når det gjeld å styrkje risikoerkjening, tryggleikskultur, haldningar og leiarskap knytt til samfunnstryggleik og beredskap.

2.2.13 Samarbeid med eksterne aktørar om studie i utlandet – Gateway College (GC)

HiT har sidan 2003 tilbode studieførebuande og førstesemesters studium i utlandet i samarbeid med GC. I kraft av ei samarbeidsavtale har HiT hatt det faglege ansvaret for gjennomføring av studietilbodet. HiT har òg godkjent faglærarar på dei ulike studiestadene. Den eksterne avtaleparten har hatt ansvar for tilrettelegging av reise, lokale og annan infrastruktur, og hatt arbeidsgjevaransvaret for faglærarar.

På bakgrunn av brev frå departementet av 22.03.13 (ref.: 11/1721) er det gjort klart at nåverande praksis ikkje er i samsvar med gjeldande lovgjeving. HiT vil derfor seie opp samarbeidsavtalen i si nåverande form med verknad frå 1.1.2015.

HiT vil samstundes, og om mogleg i samarbeid Høgskulen i Sogn og Fjordane, vurdere eventuelle andre former for nettbasering av studietilbod som, på lovleg vis, også kan bli tilbodne til studentar som vel å opphalde seg ved ein studiestad i utlandet med tilrettelegging av ekstern partner.

3 Plan for 2014

3.1 Plan for verksemda i 2014

Nedanfor følger HiTs plan for verksemda i 2014. Dei fullstendige risikovurderingane som er gjorde, følger av vedlegg 1, mens kortversjonen følger under det enkelte verksemdsmålet.

HiT har som ein overordna strategi å vidareutvikle universitetsfunksjonane og oppnå universitetsstatus saman med Universitetet i Agder innan 2016.

Fram til 2014 skal HiT skal delta i eit institusjonelt forankra samarbeidsprosjekt med Universitetet i Agder med sikte på å utvikle og realisere konkrete fellestiltak av fagleg og administrativ karakter og å greie ut grunnlaget for fusjon eller utvida samarbeid mellom dei to institusjonane.

SEKTORMÅL 1: UNIVERSITET OG HØGSKOLAR SKAL TILBY UTDANNING AV HØG INTERNASJONAL KVALITET I SAMSVAR MED SAMFUNNETS BEHOV.

Verksemdsmål 1.1

HiT skal ha eit rikhaldig studietilbod både i breidd og nivå, og skal utdanne dugelege kandidatar som samfunnet har bruk for. Fagprofilen skal vere kjenneteikna av doktorgradsprogramma i teknologi, økologi og kultur, studieprogramma som står opp under desse, og profesjonsutdanningane.

Verksemdsmål 1.2

HiT skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming. HiT sine nettbaserte studietilbod skal vere blant dei beste i landet.

Kvantitative styringsparametrar til 1.1 og 1.2:

- a) Talet på førstevalssøkjjarar i Samordna opptak skal vere minst 3 100.
- b) Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) skal vere minst 5 870.
- c) KD: Gjennomføring på normert tid skal vere minst 51/28.
- d) KD: Del uteksaminerte kandidatar av dei som vart tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare.
- e) Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år skal vere minst 50.
- f) Talet på studentar (heiltidsekvivalentar) per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere om lag 19.
- g) Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar skal vere minst 4 668.
- h) Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar skal vere minst 160.
- i) Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar skal vere minst 920.
- j) Talet på uteksaminerte kandidatar fordelte på følgjande prioriterte område skal vere minst slik dei går fram i parentes: sjukepleiarutdanning 120, vernepleiarutdanning 35, allmennlærerutdanning 75, førskolelærerutdanning 180 og ingeniørutdanning 160.

Kvalitativ styringsparameter:

KD: Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma.

Fakultetsvise resultatkrav 2014:

	AF	EFL	HS	TF	Sum
60-studiepoengseiningar, jf. S-sak 95/13	1 600	1 560	850	658	4 668
Studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar)	2 168	2 021	941	740	5 870

Risikovurdering:

Risikotoleranse: Risikofaktorane knytte til dette feltet er ikkje av akutt karakter (ingen raude felt). Risikofaktoren "For svak og lite oppdatert fagkompetanse" kjem fram som den største risikofaktoren. Risikoen blir rekna for å vere akseptabel.

Tiltak under 1.1 og 1.2:

- Vidareutvikle HiTs satsing på e-læring.
- Kartlegge samanhengen mellom inntaks- og resultat kvalitet, avgrensa til bachelorgradsprogram.
- Analysere karakterfordelinga og m.a. vurdere endringar i bruken av ekstern sensor.
- Forbetre systemet for oppfølging av utdanningsplanane.
- Revidere eksamens- og bachelorgradsforskriftene og arbeide ut ny mastergradsforskrift. Revidere avvikssystemet.
- Innføre nasjonale malar for vitnemål og karakterutskrifter.
- Slutføre arbeidet med å sentralisere høgskolens studentopptak.
- Fastleggje arbeidsomfang på dei ulike emna og studieprogramma.
- Ferdigstille og implementere nytt kommunikasjonskonsept.

Verksemdsmål 1.3

Høgskolen i Telemark skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid som medverkar til auka utdanningskvalitet.

Kvantitative styringsparametrar:

- a) Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) skal vere minst 245, av dei 75 utreisande.
- b) Talet på tilsette som blir utveksla via programavtalar skal vere minst 10.
- c) Omfanget av framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng skal liggje på 1 000.

Risikovurdering:

Risikotoleranse: Det vil ikkje vere mogleg å få til utanlandsopphald på ein månad eller lenger dersom ikkje ekstrakostnadene ved utanlandsopphaldet blir dekte. Det vil ikkje vere mogleg å få til fleire framandspråklege tilbod dersom ikkje dei tilsette har tilstrekkeleg kompetanse til å undervise på eit framandt språk.

Tiltak:

- Ferdigstille melding om internasjonalisering og utvikle ein strategi og ein handlingsplan for arbeidet med internasjonalisering.
- Gjennomføre tiltak for å møte nytt Erasmus-program frå 2014.
- Utvikle og drifte USA-satsinga.

- Leggje til rette for eit internasjonalt semester i flest mogleg gradsprogram for å auke talet på utreisande studentar.

SEKTORMÅL 2: UNIVERSITET OG HØGSKOLAR SKAL, I TRÅD MED SIN EIGENART, UTFØRE FORSKING OG FAGLEG OG KUNSTNARLEG UTVIKLINGSARBEID AV HØG INTERNASJONAL KVALITET.

Verksemdsmål 2.1

HiT skal prioritere tverrfagleg og praksisnær forskning som stør opp under høgskolens utdanningsprofil og som samstundes møter regionale og nasjonale kompetansebehov.

Verksemdsmål 2.2

Innan områda teknologi, økologi og kultur skal HiT drive forskning og forskarutdanning på høgt nasjonalt og internasjonalt nivå.

Kvantitative styringsparametrar til 2.1 og 2.2:

- a) Talet på avlagde doktorgradar tildelte av HiT skal vere 8.
- b) Talet på avlagde doktorgradar av personar HiT har arbeidsgjevaransvar for skal vere 10.
- c) Stipendiatar på eigne doktorgradsprogram skal vere minst 50.
- d) Rekruttering til doktorgrad frå eigne masterstudentar skal vere minst 20 (5).
- e) Talet på publikasjonspoeng skal vere minst 155.
- f) Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal liggje på minst 0,40.
- g) Talet på søknader til NFR inkl. RFF skal vere minst 20.
- h) Tildeling frå Forskringsrådet skal vere på minst 10 mill. kroner.
- i) Høgskolen skal delta i utarbeiding av minst 2 EU-søknader.
- j) Talet på nye publikasjonar i TEORA skal vere minst 120.

Kvalitative styringsparametrar under sektormål 2:

KD: Resultatopptåning i forskning i høve til høgskolens eigenart.

KD: Samspel mellom forskning og utdanning.

KD: Forskingsinnsats i MNT-fag og profesjonsfag.

Fakultetsvise resultatkrav 2014:

	AF	EFL	HS	TF	Sum
Publikasjonspoeng	50	35	20	50	155

	Økologi	Kultur	Teknologi	Sum
Stipendiatar	15	15	20	50

	AF	EFL	HS	TF	Sum
Søknader til NFR inkl. RFF	8	4	2	6	20

Risikovurdering:

Risikotoleranse: Risikofaktorane knytte til dette feltet er ikkje av akutt karakter (ingen raude felt).

Tiltak under 2.1 og 2.2:

- Innføre EUs Charter and Code.
- Gjennomgå organisering og kostnader ved doktorgradsprogramma.
- Vurdere samarbeidsmodellar mellom HiT, Tel-tek og Telemarksforskning.
- Gjennomføre tiltaksplan for auka ekstern finansiering av forskning, m.a. ved å identifisere og etablere forskargrupper, gjerne på tvers av organisatoriske skilje.

SEKTORMÅL 3: UNIVERSITET OG HØGSKOLAR SKAL VERE EIN TYDELEG SAMFUNNSAKTØR OG MEDVERKE TIL FORMIDLING, INTERNASJONAL, NASJONAL OG REGIONAL UTVIKLING, INNOVASJON OG VERDISKAPING.

Verksemdsmål 3.1

HiT skal utvide og forsterke samarbeid og kontakt med samfunns- og næringsliv. M.a. gjennom sin desentraliserte struktur skal høgskolen stå fram i regionen som ein tydeleg og sjølvsgt samarbeidspartnar.

Verksemdsmål 3.2

Både gjennom utdanning, forskning og formidling skal HiT, m.a. saman med regionale aktørar, medverke til innovasjon og entreprenørskap.

Kvantitative styringsparametrar til 3.1 og 3.2:

- a) KD: Del inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd (BOA), utanom forskingsfinansiering frå NFR og EU, skal vere minst 3 %.
- b) Det totale omfanget av eksterne inntekter, dvs. alt utanom tildelt løyving over statsbudsjettet, skal vere minst 38 mill. kroner.
- c) Resultat av oppdragsfinansiert verksemd skal vere minst 600 000 kroner.
- d) Talet på eigenfinansierte studentar i nett- og samlingsbasert undervisning skal vere minst 1 300.
- e) Talet på studentføretak skal vere minst 20.

Kvalitative styringsparametrar under sektormål 3:

KD: Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.

KD: Fleksibel utdanning.

Fakultetsvise resultatkrav 2014:

	AF	EFL	HS	TF	Sum
Omfang eksterne inntekter (inkl. betalingskurs) (mill. kr)	7	12	10	9	38

	AF	EFL	TF	Sum
Studentføretak	6	4	10	20

Risikovurdering:

Risikotoleranse: Risikofaktoren "For svak søkje- og akkvisisjonskompetanse" kjem fram som raud. HiT ligg svært lågt på dette området sett i høve til samanliknbare institusjonar i sektoren, og tiltak bør setjast i verk både for å redusere risikoen for ikkje å nå målalet i 2014 og ikkje minst for å auke inntektene i komande år ut over målalet.

Tiltak under 3.1 og 3.2:

- Utvikle ein samfunnskontrakt der gjensidige forventningar og forpliktingar går fram i samarbeid med UiA og aktørar frå samfunns- og arbeidsliv.
- Etablere eit entreprenørskapsprosjekt innanfor både undervisning, FoU og samfunnskontakt.
- Medverke til å auke kommersialiseringa av forskingsresultat m.a. ved å søkje midlar til dette frå Noregs forskingsråd, gjennom samarbeidet med Universitetet i Agder om Technology Transfer Office, og gjennom industri-inkubatoren Proventia AS.
- Utvikle retningsliner for handsaming av immaterielle rettar.
- Lansere "Digitale telemarkskjelder".
- Etablere ein utviklingsplan for hit.no.

SEKTORMÅL 4: UNIVERSITET OG HØGSKOLAR SKAL HA EFFEKTIV FORVALTNING AV VERKSEMMA, KOMPETANSEN OG RESSURSANE I SAMSVAR MED SI SAMFUNNSROLLE.

Verksemdsmål 4.1

Høgskolen i Telemark skal ha god strategisk styring og kompetanse- og ressursplanlegging som fremjar kvalitet og omstillingsevne.

Kvantitative styringsparametrar:

- a) Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal ikkje vere over 65 %.
- b) Akkumulert rekneskapsmessig mindreforbruk skal vere på same nivå per 31.12.14 som per 31.12.13.
- c) Areal per eigenfinansiert student skal ikkje vere over 13 m².
- d) Begge kjønn skal vere representert i høgskolens leiarstillingar med minimum 40 %.
- e) KD: Del mellombels tilsette skal ikkje vere over 0,24.

Kvalitativ styringsparameter:

KD: Langsiktig økonomisk planlegging.

Risikovurdering:

Risikotoleranse: Risikofaktoren "Høgare lønsauke enn venta i budsjetta" kjem fram som den største risikoen. Risikoen blir rekna for å vere akseptabel.

Tiltak:

- Vidareutvikle leiingskompetansen på alle leiarnivå.
- Analysere studieporteføljen når det gjeld
 - økonomiberekning av studieprogramma,
 - vurdering av studieprogramma mot kompetanse- og stillingsprofil ut frå NOKUT-krava,
 - vurderingar av kapasitet knytt til bygningsmassen.
- Revidere interne retningslinjer for eksternt finansiert verksemd ved HiT.
- Revidere høgskolens budsjettfordelingsmodell og disposisjonsreglement.
- Vurdere dataverktøy og rutinar knytt til oppfølging av planverk, økonomi og prosjektstyring.
- Etablere eit system for informasjonstryggleik integrert i styringssystema til verksemda.

Verksemdsmål 4.2

Høgskolen i Telemark skal ha høg fagleg kvalitet med høgt kompetente medarbeidarar og sterke og robuste fagmiljø, som i aukande grad skal utviklast på tvers av organisatoriske skilje.

Kvantitative styringsparametrar:

- a) Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar (eksklusiv stipendiatar) skal vere minst 0,45.
- b) KD: Del kvinner i dosent- og professorstillingar skal vere minst 0,2.
- c) Del av kvinner i første- og toppstillingar (faste tilsette i årsverk) skal vere minst 0,33.

Kvalitativ styringsparameter:

KD: Robuste fagmiljø.

Fakultetsvise resultatkrav 2014:

	AF	EFL	HS	TF	HiT
Del førstestillingar per 01.10.14 (%)	63	34	30	64	45

Risikovurdering:

Risikotoleranse: Manglande innfriing av NOKUTs kompetansekrav er ikkje akseptabelt over tid. Det er sett av ekstra midlar til interne ordningar for kompetanseoppykk i 2014. Risikoen blir rekna for å vere akseptabel.

Tiltak:

- Gjennomføre tiltaksplanen og setje av særskilte ressursar for å få raskare auke i prosentdelen første- og toppstillingar.
- Gjennomgå arbeidsplanordninga og vurdere innføring av eit IKT-basert arbeidsplanverktøy.
- Utvikle insitamentordningar og syte for sterkare institusjonell oppfølging av tverrfagleg samarbeid ved høgskolen.

Verksemdsmål 4.3

Høgskolen i Telemark skal drive effektiv tenesteproduksjon med høg kvalitet i alle ledd.

Kvantitativ styringsparameter:

Høvetalet mellom vitskapleg og administrativt tilsette skal vere 2,5.

Risikovurdering:

Risikotoleranse: Risikoen blir rekna for å vere akseptabel.

Tiltak:

- Vurdere organiseringa av økonomi- og personalfunksjonane i høgskolen.
- Revidere retningslinjer og vurdere alternative verktøy i rekrutterings- og tilsetjingsprosessane.
- Vurdere organiseringa av innkjøpsfunksjonane i høgskolen.
- Implementere nytt arkiv- og saksbehandlingssystem.
- Greie ut og ta i bruk ny telefoniløysning.
- Følgje opp ut- og ombyggingar i Porsgrunn og på Notodden.
- Sikre HiTs interesser gjennom ei styrt avvikling av barnehagelærerutdanninga i Drammen.
- Avklare ansvars- og arbeidsdeling i samband med tilrettelegging, utvikling og gjennomføring av e-læring.
- Arbeide ut felles institusjonelle malar for prosjektstyring.
- Etablere felles standard kontraktar og avtalar for BOA-verksemda.
- Etablere felles digitale skjema for søknader frå studentar.
- Etablere ei autoritativ datakjelde for alle data knytte til fag- og studieplanar, emnebeskrivelsar og pensumlister og sikre konsistens i alle kanalar for informasjon og publisering.

3.2 Plan for tildelt løyving

HiT er gjeve ei grunnløyving på 621,52 mill. kroner. Dette er ein auke på 39,25 mill. kroner (6,7 %) i høve til grunnløyvinga for 2013. Av dette utgjør kompensasjon for løns- og prisvekst 20,26 mill. kroner. Det er lagt inn 3,5 % løns- og prisvekst. I tillegg til Tabellarisk kjem endringa i løyvinga frå 2012 til 2013 fram slik:

	Tildeling 2013	Framlegg til statsbud. 2014	Tildeling 2014
Budsjett føregåande år, post 50-52	552 618 000	582 282 000	582 282 000
Løns- og prisvekstkompensasjon	18 236 000	20 460 000	20 460 000
<i>Korrigeringar i statsbudsjettet:</i>			
Investeringsmidlar tekn/ingeniør 2013	1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Kutt 0,02 % for 2013	-1 112 000		
Tildeling for auka studiepoengproduksjon	7 673 000	14 769 000	14 769 000
Endra FoU-komponent – resultatbasert omfordeling	30 000	2 587 000	3 019 000
Nye studieplassar 2014	0	1 562 000	1 562 000
Heilårsverknad nye studieplassar gjevne tidlegare år	2 215 000	1 712 000	1 712 000
Kategoriendring GLU frå E til D, vidareført frå 2011	1 622 000	1 570 000	1 570 000
Kategoriendring barnevernped. frå F til E, frå 2014		916 000	916 000
Ny stipendiatstilling, 1/3-dels effekt i 2014		313 000	626 000
Nedlegging Drammen, 135 plassar, 1/2 effekt i 2014		-4 387 000	-4 387 000
Sum	582 282 000	620 784 000	621 529 000

- Auke på 1,347 mill. kroner som følgje av nye studieplassar i 2011. Auke på 365 000 kroner som følgje av nye studieplassar i RNB 2012. Auke på 1,570 mill. kroner som følgje av kategoriendring for grunnskolelærarutdanninga i 2011.
- Reduksjon på 1,0 mill. kroner som var tildelt til vitskapleg utstyr for ingeniør- og teknologiutdanningane i budsjettet for 2013.
- Auke på 1,562 mill. kroner som følgje av nye studieplassar i budsjettet for 2014.
- Auke på 313 000 kroner til ei stipendiatstilling i profesjonsfag.
- Auke på 916 000 kroner som følgje av kategoriendring for barnevernspedagogutdanningane.
- Reduksjon på 4,387 mill. kroner i samband med at barnehagelærarutdanninga i Drammen blir overført til HBV frå hausten 2014.

Disponering av tildelt løyving i 2014, jf. fordeling i S-sak 104/13, går fram av tabellen under, fordelt på fakulteta, utdanning, FoU, marknad og fellestenestene. I tillegg gjev tabellen eit oversyn over dei hovudområda/-tiltaka som høgskolen set av midlar til:

Beløp i NOK 1000

BUDSJETTFORDELING 2014	Budsjett -ramme	AF	EFL	HS	TF	Utdanning	FoU	Stab og fellestenester
Budsjettfordelingsmodell								
Undervisningskomponent	103 950	31 710	39 001	17 837	15 402			
Forskningskomponent	20 790	5 848	5 266	2 559	7 116			
Basisløyving	172 260	51 705	62 901	29 736	27 918			
Sum budsjettfordelingsmodell	297 000	89 263	107 168	50 132	50 437			
Universitetssatsing								
Doktorgradsstudium i kulturstudiar	3 350	2 550	800					
Doktorgradsstudium i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk	7 230				7 230			
Doktorgradsstudium i økologi	3 250	3 250						
Mastergradsstudium i fleirkulturelt førebyggjande arbeid med barn og unge	800			800				

Mastergradsstudium i pedagogikk	570		570					
Mastergradsstudium i økonomi og administrasjon	930	930						
Senter for omsorgsforskning Sør	538			538				
Sum universitetssatsing	16 668	6 730	1 370	1 338	7 230	0	0	0
Tiltak								
E-læring	2 950					2 950		
Desentralisert høgskoletilbod	1 631		1 435	196				
Forkursklasser ingeniørutdanninga	2 944				2 944			
Nye studieplassar, videreføring	20 345	2 011	9 760	4 840	3 734			
Forskningsstipend	3 500						3 500	
Internasjonalisering	1 840	180					1 660	
Stimuleringsmidlar for eksternt finansiert verksemd	1 000						1 000	
Støtte for å søkje EU-midlar	600						600	
Små driftsmidlar	1 700						1 700	
Stipendiatstillingar	16 750						16 750	
Overføring frå doktorgradsstudia	1 200						1 200	
Informasjon/ intranett/ internett	1 650					1 650		
Marknadskampanje studentrekruttering	2 552					2 552		
Utgreiing UiA	2 000							2 000
Reserve	1 717							1 717
Førstelektorprogram	750							750
Kompetanseutviklingsplan	700							700
Omstillingspakker (avtaler)	1 663							1 663
Kompensasjon for tillitsvalte	1 268							1 268
Styret	1 035							1 035
Systemavgifter og andre avtaler	5 855							5 855
Ut- og ombyggingar	11 650							11 650
Større utstyrskjøp og vedlikehald	5 300	320	519	374	687			3 400
Husleige	96 182							96 182
Strøm/ oppvarming	10 450							10 450
Diverse tiltak tildelt fakulteta	3 166	383	442	2 200	141			
Diverse fellestiltak m.m.	11 314					3 378	1 479	6 457
Sum tiltak	211 712	2 894	12 156	7 610	7 506	10 530	27 889	143 127
Fellesadministrasjon/ fellestenester								
Lønnskostnader	70 937					9 226	14 672	47 039
Andre driftskostnader	20 019					276	4 748	14 995
Investeringar	4 448							4 448 000
Sum fellesadministrasjon/ fellestenester	95 404	0	0	0	0	9 502	19 420	66 482
Sum fordelt	620 784	98 887	120 694	59 080	65 173	20 032	47 309	209 609

Budsjettet for 2014 blir oppfatta som stramt. Auka studiepoengproduksjon i 2012 gjev likevel auka økonomisk handlingsrom i 2014 i høve til det som låg til grunn i høgskolens langtidsbudsjett for perioden 2014 – 2018 (S-sak 117/12).

HiT er avhengig av solid fagleg produksjon, og fokus må vere å sikre kvalitet i undervisning, forskning og formidling, og god oppfølging av studentane. Det økonomiske grunnlaget som er gjeve gjennom løyvinga frå Kunnskapsdepartementet, må sikrast gjennom å halde oppe høg studie- og forskingsproduksjon.

Strategiske satsingsområde, som utvikling av universitetsfunksjonar og ut- og ombyggingar for å skaffe betre lokale til studentar og tilsette, bind opp betydelege midlar i åra framover. Det blir arbeidd aktivt med å auke ekstern finansiering. Ei av de største utfordringane er å sikre finansiering av eit tilstrekkeleg tal på stipendiatar i høgskolens tre doktorgradsprogram.

Fakulteta har i budsjettet for 2014 fått tildelt løyvingar om lag på same nivå som dei tidlegare åra. Fakulteta sine løyvingar gjennom budsjettfordelingsmodellen blei fastsette i planrammene som blei lagde i august 2013.

Prioriteringar knytte til å vidareutvikle universitetsfunksjonane og å oppnå universitetsstatus

HiT har som mål å utvikle universitetsfunksjonane vidare og å oppnå universitetsstatus. Strategien for å få til dette kjem m.a. til uttrykk i det treårige samarbeidsprosjektet med UiA. Høgskolen har sett av 2 mill. kroner til prosjektet i 2014. Høgskolen har også i fleire år sett av midlar til å utvikle og etablere master- og doktorgradsstudium. I 2014 er det sett av 16,7 mill. kroner til universitetsstatus.

Prioriteringar knytte til utdanning

HiT har eit mål om at *"HiT sine nettbaserte studietilbod skal vere blant dei beste i landet."* I budsjettet for 2014 er det sett av 3,0 mill. kroner ekstra for å styrkje e-læring generelt og nettbaserte studietilbod spesielt. Høgskolen har i 2013 m.a. utvikla ein strategi for HiTs satsing på e-læring.

Fleire studentar skaper utfordringar når det gjeld bygningar og infrastruktur på studiestadene, jf. S-sak 119/05. Det vil bli betydelege kostnader til planlagde ut- og ombyggingar i både Porsgrunn, Notodden og Bø dei næraste åra. For å betre lokalitetane for studentane, og for å skape eit betre student- og arbeidsmiljø er det derfor prioritert vesentlege midlar til ut- og ombyggingar i 2014 og etterfølgjande år.

I Porsgrunn har det vore gjennomført vesentleg renovering og vedlikehald av bygningsmassa dei siste åra, men framleis er det bygg som har bruk for dette. Nybygg i Porsgrunn blei sett i gang i 2013. Det fører til auka husleige. Vidare er det behov for renovering/vedlikehald av bygg E. Statsbygg har gjort berekningar knytte til ei løysing der bygg E blir renoverert for å tilfredsstille arbeidsmiljøforskrifta. Renovering av bygg E blir planlagt sett i verk i 2014.

Prioriteringar knytte til FoU

Forskningsinnsatsen blei styrkt i 2013 gjennom at potten til forskningsstipend auka frå 1,45 mill. kroner i 2012 til 3,5 mill. kroner i 2013. Øyremerkte små driftsmidlar auka frå 1,55 mill. kroner i 2012 til 1,7 mill. kroner i 2013. I tillegg blei det sett av 0,6 mill. kroner for å støtte prosessar knytte til EU-søknader. I budsjettet for 2014 er satsinga på forskning vidareført på same nivå.

Disponering av tildelt løyving spesifisert på ulike tiltak i 2014 og med endring frå 2013, jf. fordeling i S-sak 104/13, går fram av følgjande tabell:

Tiltak	Budsjett 2012 S-sak 129/11	Budsjett 2013 S-sak 116/12	Budsjett 2014 S-sak 104/13
1. UTDANNING			
1.1 Universitetsstatus			
Doktorgradsstudium i kulturstudiar	1 600	3 400	3 350
Doktorgradsstudium i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk	7 500	7 730	7 230
Doktorgradsstudium i økologi	3 084	3 400	3 250
Mastergradsstudium i fleirkulturelt førebyggjande arbeid med barn og unge	800	800	800
Mastergradsstudium pedagogikk med vekt på didaktikk og leiing	400	800	570
Mastergradsstudium i økonomi og administrasjon		300	930
Senter for omsorgsforskning Sør	500	520	538
Delsum	13 884	16 950	16 668
1.2 Utviklingstiltak			

E- læring	290	1 800	2 950
Evaluering av nettbasert grunnskolelærerutdanning		400	
Kvalitetssikringssystem	300	200	250
Delsum	590	2 400	3 200
1.3 Øyremerkte tiltak			
Desentralisert høgskoletilbud	1 526	1 576	1 631
Forkursklasser ingeniørutdanninga	2 753	2 844	2 944
Vidareføring av nye studieplassar, basisfinansiering	14 421	16 369	20 345
Sum øyremerkte tiltak	18 700	20 789	24 920
1.4 Fellestiltak			
Handlingsplan for studentar med nedsett funksjonsevne	50	50	50
Kurs for studenttillitsvalde	82	85	85
Sosialrådgjevingsteneste og læringsmiljø (SiTel)	1 100	1 130	1 237
Studentorganisasjonen i Telemark (SoT)	737	760	787
Studentpresttenesta	15	15	15
Klagenemnda	50	50	50
Skikkethetsnemnda	20	20	20
Sum fellestiltak	2 054	2 110	2 244
1.5 Utdanningsseksjonen			
Lønnskostnader		4 503	4 661
Andre driftskostnader		128	129
Sum Utdanningsseksjonen	-	4 631	4 790
SUM UTDANNING	35 228	46 880	51 822
2. FORSKING			
2.1. Utviklingstiltak			
Forskningsstipend	1 450	3 500	3 500
Internasjonalisering	1 351	1 720	1 840
Kina-samarbeidet	260	270	270
Stimuleringsmidlar for eksternt verksemd	900	1 000	1 000
Støtte for å søkje EU-midlar		600	600
Stimulering av vitenskapleg publisering	100	150	150
Sum utviklingstiltak	6 227	7 240	7 360
2.2 Øyremerkte tiltak			
Senter for kultur- og idrettsstudiar	131	135	140
Små driftsmidlar	1 552	1 700	1 700
Stipendiatstillingar	15 448	15 956	16 750
Stipendiat innan marine sediment, delfinansiering samarbeidsprosjekt		235	243
Sum øyremerkte tiltak	17 131	18 026	18 833
2.3 Fellestiltak			
Forskningsdagane inkl. Forsker Grand Prix og forskingspris	112	260	300
Karrieredagen	60	80	80
Sum fellestiltak	172	340	380
2.4 FoU-seksjonen			
Lønnskostnader		3 729	3 860
Andre driftskostnader		106	107
Sum FoU-seksjonen	-	3 835	3 967
SUM FOU (eks. biblioteket)	23 530	29 441	30 540
2.5 Bibliotek			
Desentralisert bibliotek	306	400	414
Lønnskostnader	9 337	10 446	10 812
Andre driftskostnader	4 349	4 593	4 641
Overføring frå doktorgradsstudia			1 200
RFID-innføring ved Biblioteket i Porsgrunn			265
Sum Biblioteket	13 992	15 439	17 332
SUM FOU	37 522	44 880	47 872
3. SAMFUNNSKONTAKT			
3.1 Fellestiltak			
Informasjonsteneste	300	850	850
Intranettprosjektet		300	400
Internettprosjektet			400
Marknadsføringskampanje studentrekruttering	2 525	2 525	2 552
Studentrekruttering	797	820	849
Studiestart	35	35	35

Sum fellestiltak	3 657	4 530	5 086
3.2 Marknads- og kommunikasjonseininga			
Lønskostnader		4 229	4 565
Andre driftskostnader		145	147
Sum Marknads- og kommunikasjonseininga	-	4 374	4 712
SUM SAMFUNNSKONTAKT	3 657	8 904	9 798
4. FORVALTNING			
4.1. Utviklingstiltak			
Utgreiing UIA, 3-årig prosjekt	1 800	2 000	2 000
Reserve	674	1 000	1 717
Førstelektorprogram	130	130	750
Kompetanseutviklingsplan	717	700	700
Studiepermisjon	330	340	340
Likestilling	100	100	100
Omstillingspakker (avtaler)		1 170	1 663
Seniorpolitikk	530	150	150
Seniorstipend		100	100
Større utstyrskjøp og vedlikehald	5 000	6 500	5 300
Ombygging utan husleigefinansiering, inventar og utstyr	3 250	2 867	11 650
Sum utviklingstiltak	12 531	15 057	24 470
4.2. Øyremerkte tiltak			
Generell støtte til HS		2 700	2 200
Kompensasjon for redusert utteljing i forskingskomponenten 2010 - 13		1 767	583
Sum øyremerkte tiltak	277	4 944	2 783
4.3 Fellestiltak			
Fellesdrift diverse	180	183	189
Felles reiseutgifter	300	305	316
Hovudverneombod og verneombod	476	495	512
Kompensasjon for rett til forskning og fagleg oppdatering	3 223	1 082	
Kompensasjon for tillitsvalde	1 181	1 225	1 268
Kjøp av løns- og økonomitenester	410	460	476
Kunngjeringar	600	619	642
Leiingsinformasjonssystem		200	400
Lærlingordninga	946	1 010	918
Personalarrangement	110	150	155
Personalkantiner	416	430	486
Sikkerheitsansvarleg		60	62
Styret	996	1 000	1 035
Systemavgifter og andre avtaler	4 200	5 350	5 855
Nytt saks- og arkivsystem			581
Universitets- og høgskolerådet	132	160	166
Velferdsutvala	200	207	214
Fairtrade ved HiT			300
Bedriftshelseteneste			350
Sum fellestiltak	14 085	12 936	13 925
4.4 Rektors stab			
Lønskostnader		2 684	2 778
Andre driftskostnader		94	95
Sum Rektors stab	-	2 778	2 873
4.5 Direktørens stab			
Lønskostnader		12 879	13 433
Andre driftskostnader		1 527	1 543
Sum Direktørens stab	30 129	14 406	14 976
4.6 Drift			
Husleige	91 568	94 500	96 182
Strøm/oppvarming	11 945	10 250	10 450
Løn	17 357	18 070	18 702
Andre driftskostnader (korrigert for driftsinntekter)	8 657	6 990	8 084
Investeringar		1 800	1 819
Sum Drift	129 527	131 610	135 237
4.7 IT			
Løn	9 801	11 652	12 060

Andre driftskostnader	8 397	5 284	5 339
Investeringar		2 802	2 629
Sum IT	18 198	19 738	20 028
SUM FORVALTNING	204 747	201 469	214 292
SUM TILTAK OG REALBUDSJETERTE EININGAR	281 154	302 133	323 784
BUDSJETTFORDELINGSMODELLEN			
Fakulteta			
AF	82 814	86 668	
EFL	97 137	99 393	
HS	47 170	47 319	
TF	43 839	46 769	
SUM FAKULTETA	270 960	280 149	297 000
Sum kostnader	552 114	582 282	620 784
BUDSJETTBALANSE INNTEKTER - KOSTNADER	-	-	-

Tiltaka er i all hovudsak vidareførte i langtidspanoden 2015 – 2019, jf. S-sak 105/13. Styret meiner planane og prioriteringane er i samsvar med måla for sektoren, og med HiT's føresetnadar og strategiar.

Vedlegg

- 1. Skjema for risikovurdering**
- 2. Kartleggings skjema studentkapasitet**
- 3. Rapport for ny barnehagelærerutdanning**